




Volda
kommune

ÅRSBUDSJETT 2021

ØKONOMIPLAN 2021-2024

Administrativt framlegg

05.11.2020



Innholdsfortegnelse

FORORD.....	4
1 VOLDA KOMMUNE 2021 - 2030.....	5
1.1 Folketalsutvikling.....	5
1.2 Statsbudsjettet 2021	6
1.3 Økonomistyring 2021.....	7
1.4 Finansielle måltall.....	7
2 HOVUDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT	11
2.1 Endringer i sentrale driftstiltak frå økonomiplan 2020-2023	12
2.2 Driftsrammer fordelt på Kostra funksjon	14
3 SEKTORANE OG STABANE	16
3.1 Innleiing.....	16
3.2 Målstyring	17
3.3 Budsjettammer	19
3.4 Administrasjonsstab, Personal og Økonomi	22
3.5 Oppvekst.....	28
3.6 Samfunnsutvikling.....	35
3.7 Helse og omsorg	40
3.8 Interkommunale- og vertskommunesamarbid	48
3.8.1 SSIKT	48
3.8.2 PP tenesta.....	48
3.8.3 Barnevern.....	48
3.8.4 NAV.....	49
3.8.5 Landbruk	49
3.9 Innspel til budsjettarbeidet	50
3.9.1 Tilskot og avtalar til lag og organisasjonar framover.....	52
4 INVESTERINGAR.....	52
4.1 Investeringar fordelt på prosjekt.....	56
5 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR.....	57
5.1 Finansområdet	58
5.2 Fondsmidlar	61
5.3 Frie inntekter	64

5.4	Eigedomsskatt.....	68
5.5	Næringsutvikling	69
5.8	Miljø og klima	73
	VEDLEGG	77
	HOVUDOVERSIKTER	77
	§ 5-4 Bevilgningsoversikt Drift	77
	§ 5-4 Bevilgningsoversikt Drift, fordelt på sektor	78
	§ 5-5 Bevilgningsoversikt Investering	79
	§ 5-5 Bevilgningsoversikt Investering, fordelt på prosjekt	80
	Investeringsprosjekt år 2020, overført til år 2021	80
	§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art – Drift	83
	Rapportering budsjettåret 2021	84

FORORD

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2021 vart ein del betre enn det som låg til grunn i kommuneproposisjonen som kom i mai. Det var tala frå kommuneproposisjonen administrasjonen bygde på i presentasjonen i Honndalshallen 17. september. Volda kommune får ein vekst på 4,4 % i frie inntekter, og det gjev oss eit visst handlingsrom dersom vi samtidig evner å gjennomføre omstilling. Vi går på ei stram line som inneber at vi må vise ansvar og ha både det heilskaplege og langsiktige perspektivet i sikte. Vi må også ha med oss at Covid 19 har gjort den økonomiske situasjonen uoversiktleig og usikker. Dette gjeld både internasjonalt og nasjonalt. Vi har fått ein reell vekst i 2021. Vi må samtidig innstille oss på å drive effektivt og gjere endringar for å tilpasse oss ein lågare vekst for seinare år.

I løpet av dette året har det vore gjort ein formidabel innsats med rutiner og tett oppfølging på økonomistyring. Det er gjennomført tiltak for å redusere drifta. Vi har følgd opp innsparingsmåla i budsjettet og legg no fram eit budsjett der vi foreslår å dreie ressursar inn mot tenester med større behov og til samfunnsutvikling i form av investeringar i ny Volda ungdomsskule, svømmeanlegg, bustadfelt, sentrumsutvikling og brannstasjon. Samtidig vert det foreslått at ein ikkje aukar eigedomsskatten i perioden. Med dei driftsendringane vi foreslår kan kommunen også byggje opp fondsmidlar for å ha buffer mot usikre faktorar og for å handtere renteauke med ei veksande lånegjeld. I dette opplegget foreslår vi at Volda kommune utnyttar handlingsrommet og omprioriterer ressursar. Forslaget baserer seg på at dette er fullt forsvarleg, og at det handlar om å innstille seg på at ting kan gjerast på andre måtar og med litt mindre ressursar. Dette er konfliktfullt. Det har derfor vore tradisjon i kommunesektoren å bruke meir pengar i staden for å flytte pengar. Endringane i demografien, urbaniseringa, sosiale endringar og auka press på økonomien medfører behov for endring. Skal ein få til endring og utvikling vert ein nødd til å utfordre ulike interesser som vert berørt av endringa. Det er samtidig viktig at alle interesser og behov kjem fram, men dei ulike interessene må avvegast mot heilskapsbehovet og kva retning ein vil for Volda kommune i ei tid der dei ytre faktorane utfordrar oss.

Budsjettprosessen starta tidleg i år og vart ei forlenging av den førre budsjett- og økonomiplanprosessen, der kommunestyret la tydelege føringar for arbeidet.


1 VOLDA KOMMUNE 2021 - 2030


I samband med økonomiplan er det viktig å sjå på utviklingstrekk for åra som kjem. Økonomiplanen tek sikte på dei fire neste åra, men legg likevel premisser for kostnader framover gjennom planlagde investeringar og forventningar knytt til tenesteproduksjon.

Både framskriving av folketalsutvikling og statsbudsjettet viser at Volda kommune, som fleire andre kommunar, vil ha store utfordringar i å prioritere innafor alle dei tenesteområda vi som kommune har ansvar for. Det krev endring for å vri ressursane i samsvar med endring i behov som følgje av den demografiske utviklinga.

1.1 Folketalsutvikling

Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt ut ein kommunestatistikk som viser viktige utviklingstrekk for kvar kommune i fylket. I økonomiplansamarbeid har vi henta ut to diagram som viser framskrivingstal for born og ungdom (0-19 år) og framskriving på personar 67 år og eldre:





Som vi ser av diagramma vil vi i åra framover ha ein sterk vekst av eldre i kommunen medan born og unge ligg meir stabilt. Dette bildet viser at det er blant dei eldre og i tenestene innanfor Helse og omsorg vi vil ha dei største utfordringane i åra framover. Det same bildet ser vi gjennom utgiftsutjamninga som fordeler rammetilskotet. Dette er meir omtalt i kap. 5.3.

1.2 Statsbudsjettet 2021

Det er alltid store forventningar til statsbudsjettet og dei frie inntektene som kommunen får. Signala i revidert nasjonalbudsjett i mai viste ein reduksjon i frie inntekter på 10 mill kr for Volda inn mot åra 2021 – 2024. Statsbudsjettet gir ein vekst i frie inntekter til primærkommunane på 1,6 mrd kroner.

Vekst i frie inntekter	1,6 mrd
- Demografikostnader	0,9 mrd
- Statlege prioriteringar (lærartettleik og styrking helsestasjon)	0,2 mrd
Korrigert vekst	0,5 mrd

I statsbudsjettet er kommunen sin eigenandel av utgiftene til ressurskrevjande brukarar foreslått auka. Dette utgjer 0,3 mrd. I tillegg er utgjer underfinansieringa av bemanningsnorma i barnehagane 0,4 mrd i 2021. Når ein tek omsyn til desse forholda, så er det ikkje reell vekst til primærkommunane samla sett. Det økonomiske opplegget for neste år er likevel spesielt ettersom det i statsbudsjettet er lagt til ein vekst på 1,9 mrd som vert halden utanfor den generelle veksten i dei frie

inntektene. Dette vert ein såkalla «skjult» vekst og skal kompensere for mogleg skattesvikt. Volda kommune kom betre ut i statsbudsjettet enn venta ut frå kommuneproposisjonen frå i vår. Volda kommune får ein vekst på 13,2 mill (4,4 %) i frie inntekter i 2021, samanlikna med opprinneleg budsjett 2020.

I år 2020 har Volda kommune fått 9,4 million kroner for å kompensere for auka utgifter og tapte inntekter knytt til korona. I siste veka i oktober har vi opplevd auke i talet på smitta, både på landsbasis og i Volda. Dette er signal om at utfordringane kring korona og covid 19 vil følgje oss inn i år 2021. Regjeringa har i dag (30. oktober) kome med ei ekstra løyving i frie inntekter for år 2021. Volda sin del av dette utgjør om lag 8,5 million kroner og er ikkje med i talgrunlaget i framlegget.

Vi har heller ikkje tatt høgde for ekstra kostnader knytt til korona i budsjettet. Med dei signala at Covid 19 vil verte langvarig, så må vi vere budde på ekstra kostnader også i 2021. Denne ekstraløyvinga kan vere den kompensasjonen vi får for neste år. Det er derfor nødvendig at denne ekstra inntekta vert «øyremerka» koronautgifter i år 2021.

1.3 Økonomistyring 2021

Budsjettet for 2021 og for dei andre åra i økonomiplanen er utfordrande. Det vil vere viktig med god budsjett disiplin. Budsjetttrammene skal haldast innanfor dei årsverka som det er gitt lønnsbudsjett til og med dei driftsutgiftene som tildelt.

Økonomistyring skal prioriterast og leiarane skal få tett oppfølging av både økonomi og personal. I år 2020 har tilsette frå stabseiningane gjennomført månadlege møter med leiarane ute ved kvar månadsrapportering for å sikre styring og fokus på oppfølging av økonomi, sjukefåvæer og årsverk. Dette arbeidet held fram i år 2021.

Månadsrapport skal leggest fram for formannskapet og tenesteutval medan tertialrapportane skal handsamast av utvala, formannskapet og kommunestyret.

1.4 Finansielle måltall

Ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020 viser til at kommunen no skal sette seg finansielle måltall. Vi har i tidlegare økonomiplanar vist til fleire finansielle nøkkeltal, men kommunen har ikkje tidlegare sett seg mål på desse. I denne økonomiplanen har vi definert tre måltall som vi meiner vil vere viktig i åra framover for Volda kommunen. Vi må ha fokus på lånegjeld. I dag ser vi at lånegjelda

veks, disposisjonsfondet vårt vert redusert og kapitalkostnadar stel meir og meir av dei frie inntektene. Fleire av måla som er definert klarer vi ikkje å nå i denne økonomiplanperioden. For å ha ein berekraftig økonomi rår kommunedirektøren til at kommunestyret likevel vedtek desse måla, og gjer prioriteringar som gjev administrasjonen oppdrag som fører til at ein arbeider mot måla. Kommunestyret skal som øvste mynde i kommunen syte for å forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid, jfr kl § 14-1.

Finansielle måltall for Volda kommune:

	MÅL	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene	1,75 %	-1,6 %	-0,3 %	2,3 %	1,5 %	-0,2 %
Lånegjeld i prosent av driftsinntektene	<120 %	147,3 %	169,8 %	194,5 %	215,0 %	217,1 %
Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene	>5%	5,0 %	4,4 %	6,1 %	7,2 %	6,5 %

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av inntekter etter at utgifter er trekt i frå. Finansinntekter og –utgifter er ein del av netto driftsresultat. Netto driftsresultat kan nyttast til investeringar eller setjast av til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi anbefalar ei netto resultatgrad på 1,75 %. Rådmannen rår til at ein nyttar måltall for å strekkje oss mot god økonomistyring. I økonomiplanperioden ser vi at netto resultatgrad vert forbedra samanlikna med år 2020. Likevel er vi under måлтаlet i tre av dei fire åra og måлтаlet svingar. Vi er på rett veg, men bør på sikt arbeide mot eit meir stabilt tal på netto resultatgrad.

Lånegjeld i prosent av driftsinntekter


Lånegjelda aukar i økonomiplanperioden. Dette gjer at avstanden mot eit definert måltal vert større enn det burde. Gjeld utover 100 % av kommunen sine inntekter gir lågt handlingsrom. For å arbeide mot måлтаlet betyr det at nye investeringar må vere mindre enn det kommunen kvart år betalar i avdrag.

Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som kommunen fritt kan nytte til finansiering av både drift- og investeringsutgifter. Frå og med rekneskapsåret 2020 skal eit mindreforbruk setjast av til disposisjonsfond, og tilsvarende skal eit meirforbruk finansierast frå disposisjonsfondet. I økonomiplanperioden 2021 til 2024 klarer Volda å styrke disposisjonsfondet, og frå og med år 2021 vil vi ligge over måлтаlet på 5 % av samla driftsinntekter. Dette er positivt med tanke på at vi ligg så høgt i lånegjeld då vi har ein reserve som kan nyttast om her kjem større endringar i rentemarknaden.

Rana – modellen

Rana kommune var såkalla Terra-kommune og fekk store økonomiske tap som følge av tung eksponering i investering i Terra sine finansielle instrument. Kommunestyret i Rana har teke situasjonen på alvor. Gjennom lojalitet til økonomiske måltal for gradvis å byggje opp att berekraft i økonomien, har kommunen no gjenvunne økonomisk handlingsrom.



Riksrevisjonen (2015) slo fast at samanhengen av store lån, lågt disposisjonsfond og lågt driftsresultat gir utfordringar for norske kommuner. Dette medverka til eit grunnlag for korleis Rana kommune kunne utarbeide en KØB-modell, trekantmodellen. KØB står for kommunaløkonomisk berekraft.

Modellen er eit godt styringskompass for kommunestyret for å ivareta sitt overordna økonomiske ansvar og den økonomiske handleevnen over tid. I FN sin berekraftrapport frå 1987 er berekraftig utvikling uttrykt som «utvikling som tilfredsstillar dagens behov utan å øydeleggje framtidige generasjonar sine moglegheiter til å tilfredsstille sine behov.»

Den blå trekanten viser ein økonomi der måltala indikerer ein sunn og berekraftig økonomi. Dersom ein har høg gjeld må ein kompensere med høgare netto driftsresultat. Det inneber i praksis at ein må effektivisere og kutte i drifta for å tole

høge kapitalkostnader. Har ein eit stort disposisjonsfond kan ein tære på dette og ev utsetje å effektivisere og kutte i drifta. Dersom ein brukar denne utsettinga til å førebu omstilling og effektivisering i drifta, vil ein kunne ha ei planlagt god økonomistyring. Dersom ein berre utset å omstille og redusere drifta vil ein styre mot ein opplevd krisetilstand.

Dersom vi plasserer Volda kommune i denne modellen, så har vi høg lånegjeld, svakt netto driftsresultat (historisk negativt) og eit relativt bra nivå på disposisjonsfondet. Vi er med andre ord i ein situasjon der vi kan skape økonomisk handlingsrom ved å omstille og effektivisere drifta. Kommunestyret må ta eit val om ein vil gjere dette og oppretthalde høgt nivå på investeringar, eller om ein vil behalde organiseringa av drifta som i dag og fryse investeringane på eit nullnivå. Vel ein å gjennomføre investeringane utan å omstille og effektivisere, vil vi bruke opp disposisjonsfondet. Dette går nokre få år, så må ein ta att det forsømte og likevel gjennomføre omstilling, effektivisering og kutt. Da har ein ikkje tid til å planleggje dette, men må gjennomføre omstillinga på kortare tid. Det vert meir konfliktfullt og krevjande med omsyn til innbyggjarane, brukarane og dei tilsette.

2 HOVUDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

Budsjett for år 2020 var det første budsjettet i ny kommune. Gjennom to tertialrapportar er et gjort endringar som følgje av erfaringar vi har gjort oss i året. Fleire av desse endringane er tatt med inn mot år 2021 og vil vere synlege som tiltak under sektorane. Arbeidet med budsjettet for år 2021 og vidare for år 2022 – 2024 tek utgangspunkt i vedteke budsjett for år 2020 og vedteken økonomiplan for år 2020 - 2023. Tiltaka som vart vedtekne av kommunestyret i desember 2019 vert dermed vidareført i dette arbeidet, men då med korrigeringar der dette er nødvendig.

Ny kommunelov og tilhøyrande forskrift har utarbeidd nye tabellar/oversikter som årsbudsjettet/økonomiplan skal vedtakast på. Tabellane vidare i dokumentet baserer seg på desse oversiktene. Alle oversikter ligg og som vedlegg. Rekneskapstal frå 2019 inneheld tal frå både Hornindal og Volda kommune. Regulert budsjett for år 2020 er oppdatert i samsvar med innstillinga frå formannskapet til andre tertial rapport som går vidare til kommunestyret for endeleg handsaming.

Tabellen under viser økonomisk drift for komande økonomiplanperiode og viser både brutto- og netto driftsresultat:

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift Årsbudsjett 2021 / Økonomiplan 2021-2024

Tall i kroner	Regnskap År 2019	Regulert budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Driftsinntekter						
Rammetilskudd	-359 141 744	-383 761 019	-375 467 633	-379 997 633	-380 180 633	-379 656 633
Inntekts- og formuesskatt	-255 415 335	-255 500 000	-272 773 000	-272 773 000	-272 773 000	-272 773 000
Eiendomsskatt	-19 575 988	-20 400 000	-21 400 000	-21 400 000	-21 400 000	-21 400 000
Andre skatteinntekter	-2 052 112	-1 050 000	-1 050 000	-1 050 000	-1 050 000	-1 050 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-57 198 250	-48 425 008	-34 576 078	-50 159 078	-42 193 078	-41 576 078
Overføringer og tilskudd fra andre	-234 853 055	-186 947 584	-146 558 443	-146 558 443	-146 558 443	-146 558 443
Brukerbetalinger	-33 101 419	-32 709 590	-35 124 946	-35 124 946	-35 124 946	-35 124 946
Salgs- og leieinntekter	-66 244 253	-72 721 502	-79 304 865	-79 434 865	-79 544 865	-79 544 865
Sum driftsinntekter	-1 027 582 156	-1 001 514 703	-966 254 965	-986 497 965	-978 824 965	-977 683 965
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	566 275 027	552 563 283	528 465 946	525 611 422	520 504 848	518 764 848
Sosiale utgifter	142 136 105	134 628 094	127 884 120	121 355 172	112 461 367	116 844 057
Kjøp av varer og tjenester	236 151 514	229 444 697	213 717 815	209 014 125	210 259 275	213 259 275
Overføringer og tilskudd til andre	110 940 718	40 766 196	28 380 569	28 080 569	27 780 569	27 780 569
Avskrivninger	59 436 978	52 879 138	53 850 548	53 850 548	53 850 548	53 850 548
Sum driftsutgifter	1 114 940 342	1 010 281 408	952 298 998	937 911 836	924 856 607	930 499 297
Brutto driftsresultat	87 358 186	8 766 705	-13 955 967	-48 586 129	-53 968 358	-47 184 668
Finansinntekter/Finansutgifter						
Renteinntekter	-7 456 696	-6 176 209	-5 703 533	-6 670 733	-8 628 233	-10 215 233
Utbytter	-6 312 273	-6 700 000	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-3 863 165	-3 800 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000
Renteutgifter	27 365 242	30 210 613	32 434 645	35 070 212	39 226 516	41 941 487
Avdrag på lån	38 114 090	46 327 572	51 022 176	58 579 732	69 768 621	78 127 510
Netto finansutgifter	47 847 198	59 861 976	70 703 288	79 929 211	93 316 904	102 803 764
Motpost avskrivninger	-59 436 978	-52 879 138	-53 850 548	-53 850 548	-53 850 548	-53 850 548
Netto driftsresultat	75 768 406	15 749 543	2 896 773	-22 507 466	-14 502 002	1 768 548
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:						
Overføring til investering	1 937	1 700 000				
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-12 977 591	-4 144 156	4 600 551	4 600 551	4 600 551	4 600 551
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-67 285 314	-13 305 388	-7 497 329	17 906 911	9 901 445	-6 369 104
Dekning av tidligere års merforbruk						
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-80 260 968	-15 749 544	-2 896 778	22 507 462	14 501 996	-1 768 553
Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	-4 492 562	0	0	0	0	0

Bruk av disposisjonsfond er ekstra høgt i 2019 ved at investeringstilskot og forskottering spelemidlar til VCA (idrettshall) er innarbeidd med kr 58 mill.

Som tabellen viser er vi no nærmare eit netto driftsresultat som samsvarar med måltala vår. Samanlikna med år 2020 nærmar vi oss no ei drift der vi i mindre grad er avhengig av disposisjonsfondet. Ser vi samla på økonomiplanperioden vil vi i denne perioden styrke disposisjonsfondet:

	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Disposisjonsfond 01.01	58 776 130	49 963 306	42 465 977	60 372 888	70 274 333
Avsetjing gjennom året		-	17 906 911	9 901 445	-
Bruk gjennom året	- 8 812 824	- 7 497 329	-	-	- 6 369 104
Disposisjonsfond 31.12	49 963 306	42 465 977	60 372 888	70 274 333	63 905 230

2.1 Endringar i sentrale driftstiltak frå økonomiplan 2020-2023

Utgangspunktet for budsjettet er som nemnt tidlegare vedtaket frå desember 2019 for åra 2020 til 2023. I tillegg er det tatt høgde for statsbudsjettet og frie inntekter,

eigedomsskatt, finanstransaksjonar og andre statstilskot (t.d tilskot flyktning). Det er vidare gjort nye berekningar på premieavvik og amortisering, vurderingar på andre inntekter som kommunen kan forvente og kapitalkostnadar basert på gjeldande lånegjeld (heilårseffekt 2021 på lån som er tatt opp og og rentesikra i 2020).

I gjeldande budsjett/økonomiplan vart det innarbeidd rammer på innsparingstiltak, utan at desse vart spesifisert. Tiltaka vart lagt som «samletiltak» under administrasjonsstaben. Dette er tiltak som burde vore fordelt ut på sektorane, men i påvente av KS økonomianalyse vart desse lagt sentralt. Etter vedtaket i desember har kvar sektor arbeidd med KS-konsulent si økonomianalyse og gjort vurderingar på tiltak som vil vere med å redusere drifta å skape handlingsrom for å få på plass viktige investeringar som ny ungdomsskule, svømmehall, bustadfelt, brannstasjon med meir. Tiltaka vert presentert under kvar sektor. I tillegg er det utarbeidd eigne konsekvensanalyser for desse tiltaka, dette ligg som vedlegg til dette framlegget.

Arbeidet med å vurdere drifta i sektorane har gitt Volda kommune eit handlingsrom som gjer det mogleg for administrasjonen å tilrå større investeringar i neste økonomiplanperiode. Samtidig har det gitt rom for å tilrå styrking av tidleg innsats og i hovudsak kan skjerme helse- og omsorgstenestene. Veksten i frie inntekter og nokre oppryddingar i budsjettgrunnlaget for år 2020 gjer også at administrasjonen no ikkje aukar eigedomsskatten utover to promiller i neste økonomiplan periode.

Tabellen under viser kva tiltak som no vert innarbeidd under området Kommunestyre- frie inntekter, statstilskot, finans og fond i åra 2021 – 2024:

ØKONOMIPLAN 2021-2024 VOLDA KOMMUNE -KOMMUNESTYRET, FRIE INNTEKTER, STATSTILSKOT, FINANS OG FOND				
	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Framskrivning av budsjett 2020	- 651 989 837	- 651 989 837	- 651 989 837	- 651 989 837
Korrigerig frå tiltak ØPL 2020 - 20023:				
Eigedomsskatt	- 2 500 000	- 2 500 000	- 2 500 000	- 2 500 000
Tilbakeføring spelemidlar VCA	-	- 7 000 000	- 7 000 000	- 7 000 000
Tilbakeføring spelemidlar Volda fotball	-	- 3 083 000	- 617 000	-
Havbruksfondet	7 500 000	2 000 000	7 500 000	7 500 000
Korrigerig tiltak bundne fond	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
Korrigerig tiltak Kvivsvegen	6 294 500	6 294 500	6 294 500	6 294 500
Justerig disposisjonsfondet frå 2020-2023 (nullstilling)	7 621 458	7 621 458	7 621 458	7 621 458
Nye tiltak:				
Endring rammetilskot etter KS prognosemodell	- 4 174 633	- 4 174 633	- 4 174 633	- 4 174 633
Endring skatteinntekt etter KS prognosemodell	- 9 048 000	- 9 048 000	- 9 048 000	- 9 048 000
Redusert rentekostnad som følgje av låg rente	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000
Redusert utbytte frå Tussa	3 250 000	3 250 000	3 250 000	3 250 000
Kapitalkostnadar nye investeringar 2020-2024	5 550 535	14 776 458	28 164 151	37 651 011
Insentivording - studantar og flytting	- 2 049 000	- 6 579 000	- 6 762 000	- 6 238 000
Kalkulatoriske renter frå budsjett 2020	- 2 594 574	- 2 594 574	- 2 594 574	- 2 594 574
Flyktningsmidlar_ endring ifht nytt budsjett år 2021	10 725 147	10 725 147	10 725 147	10 725 147
Bruk og avsetjing av disposisjonsfondet	- 7 497 329	17 906 911	9 901 445	- 6 369 104
Kommunestyret, Frie inntekter, statstilskot, finans og fond	- 635 911 733	- 621 394 570	- 608 229 343	- 613 872 032
Endring i rammer frå år 2020	16 078 104	30 595 267	43 760 494	38 117 805

Eigedomsskatt:

Auken er knytt til vekst i fleire hustandar. Tiltaket frå år 2020 – 2023 der vedtaket auka eigedomsskatten til først tre promiller i 2022 og så fire promiller i år 2024 er tilbakestillt.

Spelemidler:

Fylket har kome med endringar i høve utbetalingar av spelemidler over fem million kroner. Desse utbetalingane vert ikkje lenger betalt som eit eingongstilskot, men fordelt over fire år. Spelmeidler forskottert til idrettshallen låg forventta innbetalt i år 2022, men er no fordelt på fleire år.

Havbruksfondet:

I budsjett for år 2020 var det ei forventning på 9 mill kroner frå Havbruksfondet. Faktisk utbetaling vart 7,1 mill kroner. Prognose for år 2021 er 1,5 mill kroner. Budsjettet for år 2021 og år 2023 er lagt inn med ei inntekt frå havbruksfondet på 1,5 mill kroner og for åra 2022 og 2024 på 7,1 mill kroner.

Flyktningemidler:

Reduksjonen i tilskot knytt til flyktningar held fram. I økonomiplanen har vi lagt inn prognose for år 2021 i alle fire åra. Prognosa for år 2021 baserer seg påfølgjande tal:

Integreringstilskot				Merknader/notater
Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	B 2021	
År 1 (2021) EV	241 000,00	3	723 000,00	Prognose: Busetting av 15 flyktningar i 2021, inkl. 1 EM
År 1 (2021) Barn, VF	194 300,00	11	2 137 300,00	
År 1 (2021) EM	187 000,00	1	187 000,00	
År 2 (2020)	249 000,00	22	5 478 000,00	Føreset at 15 vert busett i 2020 (8 busett pr d.d.) + 7 FAM (5 har kome pr. d.d.)
År 3 (2019)	177 300,00	27	4 787 100,00	
År 4 (2018)	88 000,00	28	2 464 000,00	Inkl. fråtrekk på 3 som har flytta i 2020 pr. d.d.
År 5 (2017)	72 000,00	45	3 240 000,00	Inkl. fråtrekk på 2 som har flytta i 2020 pr. d.d.
SUM		136	19 016 400,00	Ikke teke omsyn til FAM og AMOT-tilskot, grunna usikre inntekter
Einsleg mindreårig tilskot				
Busetjingsår	Sats	Grunnlag	B 2021	
Tidlegare års busette EM	728 000,00	3	2 184 000,00	2 busett av VLS, 1 av EM-tenesta, inkl. fråtrekk av 1 FAM i 2020 til EM, ikkje teke med 1 usikker person
Busetjing av 1 EM i 2021 (tal mnd)	60 667,00	5	303 335,00	Føreset at 1 EM blir busett aug 2021 = 5 mnd.
SUM			2 487 335,00	


Alle andre tiltak vert omtala i kapittel 5, Økonomiske rammevilkår.

2.2 Driftsrammer fordelt på Kostra funksjon

Tabellen under viser prioritering av rammer fordelt etter Kostrafunksjon for budsjettåret 2020 og 2021. I denne oversikta ser vi endring i netto rammer på dei funksjonane med høgast driftsutgifter:

Funksjon	Budsjett 2021	Budsjett 2020	Endring	I prosent
Helse og omsorgstenester til hjemmeboende	154 101 650	153 619 692	481 958	0,3 %
Grunnskule	143 932 392	147 711 412	- 3 779 020	-2,6 %
Helse og omsorgstenester i instusjon	109 180 877	110 441 358	- 1 260 481	-1,1 %
Barnehage	94 098 390	96 518 976	- 2 420 586	-2,5 %
Renter og avdrag	78 973 288	77 744 003	1 229 285	1,6 %
Administrasjon	45 575 755	47 888 573	- 2 312 818	-4,8 %
Diagnose, behandling og rehabilitering	37 036 657	36 343 279	693 378	1,9 %
Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	25 844 564	27 352 687	- 1 508 123	-5,5 %
Skulelokaler	23 090 237	22 759 019	331 218	1,5 %
Aktiverings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelser	20 643 611	21 003 429	- 359 818	-1,7 %
Kommunale veier	19 584 932	20 711 358	- 1 126 426	-5,4 %
Beredskap mot branner og andre ulykker	12 181 085	12 209 044	- 27 959	-0,2 %
Voksenoppl�ring	11 563 297	13 161 331	- 1 598 034	-12,1 %
Barnevern tiltak utanfor heim	10 503 258	12 405 352	- 1 902 094	-15,3 %

Kakediagrammet under viser fordeling p  dei st rste kostratenestene for budsjett ret 2021:



3 SEKTORANE OG STABANE

3.1 Innleiing

Kommentarane frå sektorane er skriva av kommunalsjefane for kvar sektor. Kommunedirektøren sitt forslag til tiltak og endringar i rammene framgår i eigne tabellar under kvar sektor. I tillegg har kvar sektor utarbeidd konsekvensanalyse av tiltaka som ligg som vedlegg. I dette vedlegget er tiltaka nærare omtala, både på konsekvens og detaljar knytt til dei økonomiske rammene som ligg i tiltaket.

Det har vore ein prosess i leiarteamet der ein har hatt overordna og heilskapleg fokus på prioriteringar. Strategien med tiltak for å redusere drifta ved ein kombinasjon av endring i arbeidsmåtar, digitalisering, planlagt reduksjon i stillingar og samordning av skular og barnehagar i perioden held fram. Tiltaka må gjennomførast slik at vi får effekt som gjer at vi ikkje har eit driftsnivå der vi er avhengig av driftsfond.

Økonomianalyse til KS har vore eit viktig verktøy i arbeidet. Utgiftsutjamninga og demografiutviklinga framover er og vurdert når kommunedirektøren sitt leiarteam har vurdert tiltaka som no er med i det administrative framlegget. Tabellen under viser endringar i driftsrammene pr sektor frå budsjettåret 2020 og utover økonomiplanperioden:

ØKONOMIPLAN 2021-2024 VOLDA KOMMUNE - ADMINISTRASJON				
	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Administrasjonsstab, personal og økonomi	- 2 867 226	- 9 379 889	- 18 943 767	- 15 761 077
Oppvekst	- 11 389 076	- 16 199 075	- 18 529 076	- 19 069 076
Samfunnsutvikling	- 1 175 376	- 2 174 876	- 567 876	2 432 124
Helse og omsorg	- 646 430	- 2 841 430	- 5 719 780	- 5 719 780

Under administrasjon ligg premieavvik og amortisering. Auken i Samfunnsutvikling dei to siste åra er knytt til drift av nytt svømmeanlegg.

Kommunane får store utfordringar med å tilrettleggje digitale tenester for innbyggjarane og samtidig hente ut gevinstar ved nye arbeidsmåtar. Digitaliseringa er brukardrive og kommunane kan ikkje velje om ein vil vere med på denne utviklinga. Eit eige digitaliseringsprogram følgjer som vedlegg til budsjettet og økonomiplanen.

3.2 Målstyring

Målstrukturen byggjer på gjeldande budsjett og økonomiplan. Planstrategien kopla til FN sine berekraftmål er i prosess og skal m.a verte eit grunnlag for revisjon av samfunnsdelen i kommuneplanen. Neste år vert det tinga abonnement på det digitale verktøyet FRAMSIKT som vil gi ei mykje meir oversiktleg og strukturert framstilling av kommunen sin budsjett- økonomiplan og rapportar.

Visjon

Der teknologi og tradisjon møtest.

Visjonen uttrykkjer nytenking bygt på eigen identitet. Ein skal følgje utviklinga og utnytte potensialet i lokale fortrinn. Volda sjukehus, Høgskulen i Volda, Brunvoll sitt høgteknologiske miljø i den maritime klynga, høgteknologisk produksjon av børselbar og møbelindustri/Ekornes på Grodås og kompetansebedriftene i kommunen, kraftindustrien er døme på lokale fortrinn for å utløyse auka verdiskaping.

For å stimulere til skaparkraft og kreativitet skal kommunen vere ein god tilretteleggjar både som samfunnsaktør og arbeidsgjevar. Kommunen skal ha få mål som avspeglar utfordringane og behova. Prioriteringane bør vere spissa innanfor kommunen sin kapasitet for å gjennomføre tiltaka. Det er viktig å vakte seg mot at planlegging, rapportering og dokumentasjon går utover motivasjonen for nyskaping og handlekraft.

Satsingsområde

Næringsutvikling

- Få fleire arbeidsplassar, auka omsetning og skaping av verdiar i private verksemdar

Digitalisering/tenesteutvikling

- Innbyggjarane må ha tilgang til høghastigheitsnett
- Kommunale lokasjonar må ha utbygt nettverk
- Digitalt som førsteval og alternativ for dei som ikkje er digitale

- Automatisere standardiserte oppgåver, forenkle og auke tilgangen til tenestene
- Tenestene er tilpassa behovet

Kompetanseutvikling

- Tilsette som meistrar
- Får meir ut av ressursane – jobbar effektivt
- Yter tenester med god kvalitet

Målstruktur

Målkartet dekkjer fire sentrale fokusområde der kommunen er:

- Samfunnsutviklar
- Tenesteleverandør og forvaltningsmynde
- Arbeidsgjevar
- Økonomisk ansvarleg

Målsettingane er gjennomgåande for heile organisasjonen. Det er foreslått spissa tiltak og aktivitetar sektorvis.

Område	Målsetting
Samfunn	<p>Det skal vere attraktivt å investere og skape arbeidsplassar i kommunen.</p> <p>Det skal vere attraktivt å busetje seg i kommunen.</p> <p>Det skal vere attraktivt å vitje kommunen.</p> <p>Innbyggjarane skal kjenne seg trygge.</p> <p>Volda kommune skal ta sin del av klimadugnaden i samsvar med nasjonale mål.</p>

Område	Målsetting
Tenester	Tenestene skal vere i samsvar med lov og forskrifter Dekkje kompetansekrav innanfor alle tenesteområde
Organisasjon	Arbeidsmiljø målt ved 10-faktor over landssnittet
Økonomi	Halde dei økonomiske rammene Arbeide mot dei til ei kvar tid vedtekne finansielle måltal

3.3 Budsjettrammer

Statsbudsjett for 2021 har følgjande prognose for løns- og prisauke:

	Prosent
Løn	2,2 %
Prisvekst	2,7 %

Lønsutgifter utgjer 2/3 av driftsbudsjettet for kommunesektoren. Det er forventat at lønsutgiftene til kommunesektoren vert auka med 2,2 %. Dette er også innarbeidd i budsjettet til Volda kommune. Lønnsveksten er ikkje fordelt ut på sektornivå, men avsett som sentral pott. Når resultat av lønnsforhandlingane er klare vil dei verte fordelt ut basert på resultat.

Det er ikkje lagt inn kompensasjon for prisauke på varer og tenester som flat indikator.

Årsverk

Volda kommune nyttar ikkje stillingsheimlar, men har oppfølging av budsjetterte årsverk gjennom månadleg lønskontroll og økonomirapportering.

Inn mot budsjett 2020 vart lønsbudsjett definert etter turnus i helse og omsorg og etter lærarnorm i skulen. Med ny programvare UBW har det pågått ei stor opprydding i dei registrerte stillingane. Bevistgjering i definering fast og vikar er prioritert. På ein så stor arbeidsplass som Volda kommune er, vil vi alltid ha

vakansar, permisjonar, vikariat osv. Derfor vil det alltid vere bevegelse i oversikter på stillingar. Samtidig som vi kontinuerleg jobbar for best mogleg oversikt, og korrekt registrering av endringar i stilling, er også månadleg lønskontroll og økonomirapportering eit styringsverktøy for ressursstyring.

	Årsverk Budsjett 2020	Årsverk pr. november 2020
Administrasjonsstab (inkl politisk, service og kultur)	21,8	21,1
Personal	8,2	6,0
Økonomi	8,5	6,5
Oppvekst	372,0	391,8
Helse og omsorg	332,1	337,7
Samfunnsutvikling	90,4	86,2
Volda kommune	856,460	849,320


Budsjettrammer sektor

Tabellen under viser utvikling frå rekneskapen 2019 til budsjettrammene frå 2020 – 2024 for kvar sektor, fordelt på utgift og inntekt (bruttorammer). Som følge av kommunesamanslåing og endringar i organisasjonskart vil det på nokre områder vere vanskeleg å gjere direkte samanhenger mellom rekneskapen 2020 og mot budsjettrammene 2020- 2024. Rekneskapstal 2019 innheld tal frå både Hornindal og Volda og regulert budsjett for 2020 er oppdatert med tal frå andre tertialrapport.

§ 5-4. Bevilgningsoversikt drift, Årsbudsjett 2021/Økonomiplan 2021-2024 fordelt pr. sektor

Tall i kroner	Regnskap År 2019	Regulert budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Fra Bevilgningsoversikt:						
Til fordeling drift						
Inntekt	- 16 208 393	- 9 915 721	- 10 464 000	- 10 464 000	- 10 464 000	- 10 464 000
Utgift	46 375 394	48 381 442	47 016 527	46 716 527	46 016 527	44 816 527
Administrasjonsstab	30 167 001	38 465 721	36 552 527	36 252 527	35 552 527	34 352 527
Inntekt	- 9 083 754	- 1 107 604	- 992 000	- 992 000	- 992 000	- 992 000
Utgift	25 825 964	14 656 298	13 741 187	13 741 187	13 741 187	13 741 187
Personal	16 742 210	13 548 694	12 749 187	12 749 187	12 749 187	12 749 187
Inntekt	- 3 038 599	- 10 863 987	- 1 205 000	- 1 205 000	- 1 205 000	- 1 205 000
Utgift	8 296 783	3 863 271	- 9 291 665	- 15 504 328	- 24 368 206	- 19 985 516
Økonomi	5 258 184	- 7 000 716	- 10 496 665	- 16 709 328	- 25 573 206	- 21 190 516
Inntekt	- 154 505 923	- 127 779 676	- 113 746 641	- 113 746 641	- 113 746 641	- 113 746 641
Utgift	429 241 283	424 757 226	394 946 798	390 136 799	387 806 798	387 266 798
Oppvekst	274 735 360	296 977 550	281 200 157	276 390 158	274 060 157	273 520 157
Inntekt	- 70 059 704	- 59 295 545	- 72 525 770	- 72 655 770	- 72 765 770	- 72 765 770
Utgift	139 390 716	118 100 685	117 041 355	116 171 855	117 888 855	120 888 855
Samfunnsutvikling	69 331 012	58 805 140	44 515 585	43 516 085	45 123 085	48 123 085
Inntekt	- 80 557 141	- 82 408 143	- 70 427 186	- 70 427 186	- 70 427 186	- 70 427 186
Utgift	355 131 236	357 472 530	334 994 249	332 799 249	329 920 899	329 920 899
Helse og omsorg	274 574 095	275 064 387	264 567 063	262 372 063	259 493 713	259 493 713
Inntekt	- 82 457 197					
Utgift	111 637 510					
Fellesutgifter (fordelt på sektor frå 2020)	29 180 313	-	-	-	-	-
Netto for alle kommunalområder	699 988 175	675 860 776	629 087 854	614 570 692	601 405 463	607 048 153

3.4 Administrasjonsstab, Personal og Økonomi



Administrasjonsstab

I administrasjonsstaben har ein samla ansvar for informasjon, beredskap, innovasjon og digitalisering, prosjektutvikling, juridisk rådgjeving og mål- og kvalitetsutvikling. Skal ein nå satsingsområda som ligg i intensjonsavtalen for ny kommune, samtidig som vi skal oppnå krav om effektivisering og innsparing, må ein ha eit målretta fokus nettopp på tenesteutvikling, mål- og kvalitetsarbeid og digitalisering. Samfunnsutviklinga medfører behov for endringar, og det vil liggje målkonflikter mellom intensjonar og økonomiske realitetar. Ein vert utfodra på å gjere prioriteringar. Administrasjonsstaben vil vere sentrale for å initiere og setje i verk ulike prosessar saman med leiarane i sektorane for å ha eit stadig fokus på best mogleg utnytting av ressursar – til beste for heile Volda kommune.

Dokumentasjon og service

Servicekontoret har fagansvar for dokumenthandtering i kommunen, herunder arkivordning og GDPR. I tillegg er dei politisk sekretariat, valansvarleg og syter for publikumsretta tenester.

Kultur

Kultur er eiga avdeling under administrasjonsstaben. I kulturavdelinga ligg ansvar for kino, bibliotekdrift, frivilligsentralar og ungdomsklubb i Volda. Vidare er avdelinga tillagt ansvar knytt til museum, kulturminne og ulike arrangement.

Personal

Personalavdelinga har fagansvar for løn og lønsforhandlingar, tilsettingar, permisjonsreglement og arbeidsreglement, sjukepengar og refusjon, pensjon og generell personalforvaltning. I tillegg har avdelinga eit overordna fagansvar for personalsaker, det vere seg disiplinærsaker, konflikthandtering, mobbing og trakassering og saker om vald og truslar om vald.

Personalavdelinga har i tillegg det administrative ansvaret for lærlingordninga i kommunen, samt for frikjøp av hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Ansvaret for partsamarbeidet og samarbeidet med arbeidstakarorganisasjonane ligg også til personal.

Økonomi

Økonomi har fagansvar for rekneskap og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkrevjing og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I dette ligg også ansvaret med opplæring innan fagområda. Avdelinga har vidare ansvaret med å føre rekneskapen til Volda kyrkjeleg Fellestråd. Det siste året har også avdelinga fått ansvaret med å koordinere mellom kommunen og innkjøpssamarbeidet i Ålesund.

Overordna mål

Administrasjonsstab, Personal og Økonomi har som overordna mål å sørge for samhandling, koordinering, initialisering på tvers av sektorar for å saman nå dei mål og rammer som er satt.

Alle tre stabar er premissleverandørar innanfor sine fagområder. Fagområda kan av leiarar, tilsette og innbyggjarar opplevast som eit og det er viktig at dei oppfattar at det er «ei dør inn».

Vi må legge opp til eit årshjul som tek høgde for alle oppgåver som går på tvers av fagområder og deltaking frå leiarar og tilsette.

Økonomiske rammer

ØKONOMIPLAN 2021-2024 VOLDA KOMMUNE - ADMINISTRASJON				
	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Framskrivning av budsjett 2020 Administrasjonsstab	31 689 890	31 689 890	31 689 890	31 689 890
Innsparingstiltak:				
Korrigerig frå framskrivning tiltak adm stillingar og samanslåingseffekt	2 363 598	2 363 598	2 363 598	2 363 598
Reiselivsprosjekt Hjørundfjord	-	-	300 000	300 000
Melde oss ut av Sunnmøre Friluftsråd	- 193 800	- 193 800	- 193 800	- 193 800
Reduksjon annosering og porto	- 80 000	- 80 000	- 80 000	- 80 000
Naturleg avgang	-	-	400 000	1 600 000
Reduksjon i tilskot etter vedtak	- 500 000	- 800 000	- 800 000	- 800 000
Reduksjon pensjon av feriepengar	- 98 611	- 98 611	- 98 611	- 98 611
Nye tiltak:				
Insentivording - studentar og flytting	800 000	800 000	800 000	800 000
Husleige Volda Campus Sparebank 1 Arena, heilårsverknad	1 600 000	1 600 000	1 600 000	1 600 000
Destinasjon Ålesund	330 000	330 000	330 000	330 000
Auka ramme møtegodtgjersle	500 000	500 000	500 000	500 000
Tilskot frivillighetsentral - øyremerka	- 800 000	- 800 000	- 800 000	- 800 000
Auke i forsikringspremien	480 000	480 000	480 000	480 000
IKT-tenester inkl SSIKT og digitalisering Volda kommune	461 450	461 450	461 450	461 450
Administrasjonsstab 2021- 2024	36 552 527	36 252 527	35 552 527	34 352 527
Framskrivning av budsjett 2020 Personal	14 059 254	14 059 254	14 059 254	14 059 254
Innsparingstiltak:				
Korrigerig frå framskrivning tiltak adm stillingar og samanslåingseffekt	- 1 255 406	- 1 255 406	- 1 255 406	- 1 255 406
Reduksjon pensjon av feriepengar	- 54 661	- 54 661	- 54 661	- 54 661
Personal år 2021 - 2024	12 749 187	12 749 187	12 749 187	12 749 187
Framskrivning av budsjett 2020 Økonomi	- 13 176 659	- 13 176 659	- 13 176 659	- 13 176 659
Korrigerig frå tiltak ØPL 2020 - 20023:				
Korrigerig frå framskrivning tiltak adm stillingar og samanslåingseffekt	- 690 612	- 690 612	- 690 612	- 690 612
Sentralisering skattefunksjon	- 640 000	- 640 000	- 640 000	- 640 000
Prognose premieavvik 2020-2023	6 632 153	5 734 470	1 447 454	1 009 276
Amortisering premieavvik for år 2020-2022	- 7 639 060	- 12 954 040	- 17 530 902	- 12 710 034
Innsparingstiltak:				
Motpost avskrivning budsjett 2020	- 3 335 470	- 3 335 470	- 3 335 470	- 3 335 470
Reduksjon pensjon av feriepengar	- 45 807	- 45 807	- 45 807	- 45 807
Nye tiltak:				
Tilskot til andre trusamfunn overført til stat	- 550 000	- 550 000	- 550 000	- 550 000
Korrigerig lønnsbudsjett park, mellom ann flytting av ressurs frå kyrkja	- 151 000	- 151 000	- 151 000	- 151 000
Økonomi år 2021 - 2024	- 19 596 455	- 25 809 118	- 34 672 996	- 30 290 306
Samla endring i rammer administrasjon, personal og økonomi frå år 2020	- 2 867 226	- 9 379 889	- 18 943 767	- 15 761 077

Det ligg høge forventningar knytt til reduksjon av utgiftsnivået i kommunen, dette fordrar eit kontinuerlig fokus på korleis vi kan løyse oppgåver og yte gode tenester på ein effektiv og god måte. Når ein parallellt med dette skal nedbemanne, vert det ei krevjande øving. Gjennom 2020 har ein jobba med nedbemanning og gjennom eit godt samspel med dei tillitsvalde har ein nådd innsparingsmålet knytt til dette. Likevel skal det seiast at slike prosessar er krevjande å stå i, mest for dei som vert direkte omfatta av nedbemanninga, men også for organisasjonen som heilskap. Sjølv om ein har nådd det konkrete målet knytt til nedbemanning, så vil ein i det vidare vurdere stillingar etter kvart som det vert vakanse, dette for heile tida ha fokus på ei mest mogleg effektiv drift i organisasjonen. Det er i framskrivning av budsjett lagt inn forventning knytt til effekt av naturleg avgang. Gjennom kartleggingsarbeidet i 2020 har ein fått signal om at det er fleire medarbeidarar som planlegg å gå av med

pensjon i åra som ligg framføre. Slik den økonomiske situasjonen er, vil ein då gjere vurderingar knytt til om desse stillingane kan trekkast inn. For å kunne gjere dette på ein forsvarleg måte, må ein ha fokus på digitalisering og robotisering av oppgåver. I dette biletet er det viktig at ein har ein infrastruktur og verkty som gjer dette mogleg. Det er difor lagt inn ei styrke i budsjettet av IKT og digitalisering med 460.000,- Brorparten av dette er lagt inn etter innspel frå SSIKT og utgjer såleis Volda sin del til det felles IKT-samarbeidet.

I budsjettet er det 3 endringar knytt til reiseliv. I framskrivinga er det lagt inn ein effekt på 300.000,- knytt til Reiselivsprosjekt Hjørundfjorden. I budsjettvedtak for 2020 vart det innarbeidd ein årleg kostnad på kr. 300.000,- for at Masterplan Hjørundfjorden skulle utvidast til også å omfatte aksene Bjørke – Grodås. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørsta og Volda kommune, DÅS og fylkeskommunen.

Vidare er det vedteke at Volda kommune skal melde seg ut av Visit Nordfjord, utmeldinga vert gjort gjeldande frå 2022, og gjev effekt i posten «Reduksjon i tilskot etter vedtak. Vidare har Volda kommune fatta vedtak om innmelding i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre.

Det er framleis ikkje avklara om Volda kommune skal melde seg ut av Sunnmøre friluftsråd, men som følgje av vedtak i 2020 budsjettet er det lagt inn økonomisk effekt av ei utmelding. Dersom det syner seg at kommunen framleis skal vere medlem, må det finnast økonomisk inndeckning for dette i rammene.

I 2021 er det lagt inn reduksjon i tilskot etter vedtak. Dette knyter seg til Volda Rullarlaug, sjå omtale i vedlegg.

Av nye tiltak som er lagt inn er mellom anna studentintensivordninga. I budsjettet er det teke høgde for kostnader knytt til nye søkjarar i dei komande åra. Dette tiltaket har samla sett ein positiv verknad på rammeoverføringane til kommunen. Auka innbyggjartal medfører auka andel av utgiftene i interkommunale samarbeid. Dette har vi ikkje oversikt over no, og ein må kome attende til dekkning av desse meirutgiftene gjennom budsjettkorrigerings. Det er også lagt inn heilårsverknad av kommunen sin del av husleige knytt til Volda Campus Sparebank 1. Dette for å dekkje kommunen sin bruk av anlegget.

Vidare er det lagt inn ein auke i ramma knytt til politisk verksemd. Møteplan fortel om auka aktivitet, og ein har gjennom 2020 erfart at budsjetterte kostnader knytt til tapt arbeidsgodtgjerdse har vore for lav. Den politiske organiseringa med antal og storleik på politisk utval er eit politisk ansvar å vurdere. Kommunedirektøren vil

berre opplyse om at det ligg eit mogleg økonomisk handlingsrom i å redusere storleiken på utvala og ev redusere antal utval. Det foregår prosessar på dette i enkelte kommunar.

Ein har i budsjettframlegget teke høgde for at Volda kommune også i 2021 vil få tilskot til å drifte to frivilligsentralar. Om det syner seg at ein ikkje får statstilskot til to, må ein handsame dette i eiga sak.

I budsjettet er det også synleggjort effekt av at skattefunksjonen no vert sentralisert. Ein ser også ei endring i budsjettet som følgje av at tilskot til andre trussamfunn enn Den norske kyrkja frå 2021 skal utbetalast direkte frå staten. Dette har tidlegare vore administrert gjennom kommunen.

Samla sett opplever avdelinga eit høgt press på tenestene, men ein ser at gjennom samhandling på tvers av avdelingar og sektorar så finn ein stadig nye løysingar som fremjar effektivitet og smarte måtar å løyse oppgåvene på. Eit viktig verkty i så måte er digitaliseringsprogrammet. Gjennom dette dokumentet får ein etterkvart god oversikt over utfordringane, og ein får kunnskap som gjer at ein lettare kan prioritere tiltak som gjev effekt og som har stor grad av gevinstrealisering. Vidare vil ein intensivere arbeidet med tiltak/prosjekt som kan vere inntektsgjevande, slik som vi har erfart med mellom studentintensivordninga.

Målkart

Område	Mål/Tiltak	Indikator
Samfunn	Styrka innbyggjardialog	Årsmelding, økonomiplan og tertialrapportar skal gjerast digitalt tilgjengeleg
Tenester	Kvalitetsheving på tenesteyting gjennom auka fokus på internkontroll. Internkontrollen skal vere systematisk og sikre naudsynte rutinar og avdekke og følgje opp avvik.	Rutinar for internkontroll
Organisasjon	Leiaropplæring	
	Strategi for bemanningsplanlegging - Rett kompetanse på rett stad.	Ferdig sakshandsama i 2021

Område	Mål/Tiltak	Indikator
	Sjukefråvær	10 % reduksjon frå gjennomsnitt i 2020
	STIM	2-4 møter i 2021
Økonomi	Gjennomgang økonomi og årsverk med alle leiarar. Månadsrapport til formannskapet og tertialrapport til tenesteutval, formannskap og kommunestyret.	7 rapporteringar i 2021, av desse 2 til kommunestyret
	Kommunedirektør, økonomisjef og personalsjef skal aktivt inn i leiargruppene i sektorane for å sikre god økonomistyring	1 samling med kvar gruppe. Dette betyr 6 møter

3.5 Oppvekst



Sektor for oppvekst skal bidra til at barn og unge får ein trygg oppvekst med høve til å delta og utvikle seg ut i frå eigne føresetnader, jf Barnekonvensjonen.

Alt arbeid i sektoren er forankra i *Kvalitetsplanen*, der sektoren sine verdiar, mål og tiltak kjem fram.

Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistar og lærer

Visjonen vår speglar eit optimistisk syn på framtida vår og kva vi ynskjer å oppnå. Visjonen skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som arbeider i sektoren. Dei lovpålagde oppgåvene og måla styrer arbeidet vårt, medan visjonen peikar på det overordna målet og teiknar opp kursen vår.

Sektoren forvaltar store verdiar på vegne av fellesskapen, og det er sektoren sitt ansvar å produsere gode tenester for barn, unge og vaksne.

Auka press på økonomien saman med meir kompleksitet, tilseier at sektoren må ha evne til omstilling. Sektoren er inne i ei tid med omstilling og omstrukturering.

Barnevern

Den interkommunale barneverntenesta som Volda er vertskommune for, utfører oppgåvene kommunen har etter barnevernlova. Tenesta skal saman med samarbeidspartnarar ha fokus på tidleg oppdaging og tidleg intervensjon.

Helsestasjon

Helsestasjonen si verksemd vert styrt av helse- og omsorgstenestelova (avgrensa til helsestasjonsverksemd), helsepersonellova (avgrensa til helsestasjonsverksemd) og folkehelselova. Dette inneber svangerskaps- og barselsomsorg, helsestasjon og skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom og studentar. Kommunepsykologen er organisatorisk lagt til avdeling helsestasjon.

Barnehage

Volda kommune har 8 kommunale barnehager som utfører oppgåver styrt av barnehagelova m. forskrift og rammeplan for barnehagen. Spesialpedagogisk koordinator er organisatorisk lagt til avdeling barnehage. Kommunen har tilsyns- og rettleiingsansvar for dei 7 private barnehagane. Det er i tillegg ein open barnehage i kommunen.

Grunnskule

Kommunen har 8 grunnskular som utfører oppgåver styrt at opplæringslova m. forskrift og læreplanverket for grunnskulen. Kulturskulen og logoped er organisatorisk lagt til avdeling skule.

Vaksenopplæring og integrering

Vaksenopplæring og integrering har ansvar for grunnskule og spesialundervisning for vaksne, norskopplæring og introduksjonsprogram. Tenesta utfører oppgåver styrt av opplæringslova og introduksjonslova.

PPT

Volda er ein del av interkommunal PPT, med Ulstein som vertskommune.

Overordna mål

Oppdraget til sektoren, dei lovpålagde oppgåvene og måla nedfelt i rammeplan, læreplanar, og andre forskrifter, styrer arbeidet i sektoren. Visjonen vår trekker derimot fram det overordna målet, og teiknar opp kursen.

Tidleg innsats er eit grunnleggande prinsipp i sektoren, som skal arbeide førebyggjande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr. Dei skal møte tilgjengelege tilsette med rett kompetanse og som er trygge i rollene sine.

Sektor for oppvekst skal vere ein lærande organisasjon der erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdigheitsutvikling har fokus. Alle tilsette skal oppleve eit inspirerande miljø, fritt for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering.

Tiltak i sektoren

Tiltaka som er lagt fram frå sektoren vert nærare grunngjeve i eige vedlegg.



Økonomiske rammer

ØKONOMIPLAN 2021-2024 VOLDA KOMMUNE - OPPVEKST				
	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Framskrivning av budsjett 2020	292 589 233	292 589 233	292 589 233	292 589 233
Korrigering frå tiltak ØPL 2020 - 20023:				
Sentralisering barnehage (Bratteberg og Sollia)	-	- 1 100 000	- 2 200 000	- 2 200 000
Legge ned Austefjord skule og barnehage	- 1 350 000	- 2 700 000	- 2 700 000	- 2 700 000
Reduksjon spesialundervisning grunnskulen (oppr kontaktlærarar)	- 325 000	- 325 000	- 325 000	- 325 000
Betre ressursutnytting knytt til spesialundervisning	- 75 000	- 75 000	- 75 000	- 75 000
Skuleskys, endring i kommunalt skysreglement	- 75 000	- 75 000	- 75 000	- 75 000
Feriestenging barnehagar	- 300 000	- 300 000	- 300 000	- 300 000
Flytting Læringscenter til Vikebygda skule	- 1 050 000	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000
Innsparingstiltak:				
Korrigering frå framskrivning tiltak adm stillingar og samanslåingseffekt	- 300 999	- 300 999	- 300 999	- 300 999
Reduksjon pensjon av feriepenger	- 1 888 526	- 1 888 526	- 1 888 526	- 1 888 526
Reduksjon rammer læringscenter som følgje av mindre flyktningar	- 300 000	- 300 000	- 300 000	- 300 000
PPT endring budsjett 2021	- 270 000	- 270 000	- 270 000	- 270 000
Barnevern_budsjett 2021	- 1 300 000	- 1 300 000	- 1 300 000	- 1 300 000
Helsestasjon, tilpassing til faktisk utgiftsnivå	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
Reduksjon pensjon SPK 2 prosent	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000
Reduksjon i tilskot private barnehagar som følgje av lågare pensjon	- 578 000	- 578 000	- 578 000	- 578 000
Reduksjon i rammer grunnskule som følgje av mindre elevar	-	- 660 000	- 2 240 000	- 2 240 000
Ungdomssteget Folkestad skule til sentrum	-	-	-	- 540 000
Reduksjon i rammer SFO	- 400 000	- 799 999	- 1 000 000	- 1 000 000
Reduksjon knytt til funksjonar i skulen	- 300 000	- 300 000	- 300 000	- 300 000
Reduksjon i rammer introduksjonsprogrammet	- 2 500 000	- 2 500 000	- 2 500 000	- 2 500 000
100 % kutt miljøarbeidar/programrådgjevar Volda læringscenter	- 250 000	- 600 000	- 600 000	- 600 000
10 % kutt administrasjon Volda læringscenter	- 70 000	- 70 000	- 70 000	- 70 000
20 % kutt rådgjevar Volda læringscenter	- 140 000	- 140 000	- 140 000	- 140 000
Nye tiltak:				
Foreldre og ungdomsrettleiar, styrking	700 000	700 000	700 000	700 000
Tidleg inn i barnehage - styrking	700 000	700 000	1 250 000	1 250 000
Korrigering lønnsbudsjett spesped barnehagar feil i år 2020	1 683 449	1 683 449	1 683 449	1 683 449
Oppvekst år 2021 - 2024	281 200 157	276 390 158	274 060 157	273 520 157
Endring i rammer frå år 2020	- 11 389 076	- 16 199 075	- 18 529 076	- 19 069 076

Sektoren si ramme skal reduserast med over 19 mill dei komande tre åra. Mange av tiltaka som er lagt fram er forventta å gje få eller ingen konsekvensar for drifta, sidan driftsnivået går ned og budsjetttrammene kan takast ned tilsvarande. Ein kjem likevel ikkje unna forslag som vil redusere tenestetilbodet, og forslag om strukturelle endring.

Austefjord skule er vedteke nedlagt. Samstundes ser ein at elevtalet både ved Folkestad skule og Dalsfjord skule minkar, særleg på ungdomssteget. Det er difor lagt fram forslag om flytting av ungdomssteget ved Folkestad skule i 2024.

Mellom framlegga til tiltak er det likevel funne rom til nye tiltak, som begge er i tråd med det grunnleggande prinsippet om tidleg innsats:

- ✓ Styrka innsats 0-3 år i barnehagane
- ✓ Oppretting av fast stilling som familie- og ungdomsrettleiar

Tiltaka kan også sjåast i lys av barnevernreforma som vert gjort gjeldande i 2022. Denne reforma vil gje kommunane større ansvar for dei tyngre barnevernstiltaka, og har mellom anna som mål at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging.




Målkart

Område	Mål/Tiltak	Indikator
Samfunn	Barn, unge og voksne deltek og er inkludert i fellesskapen	Elevundersøking
		Ungdata-undersøking
		Skulebidragsindikator
		Kommunebarometer
		Foreldre/ Brukarundersøking
Tenester	Sektoren stettar lovkrava for tenestene	Tidsfristar vert halde
		Fylkesmannen stadfestar kommunen sine vedtak i klagesaker
	Barn og voksne møter samanheng i tenestene	Tverrfagleg samhandlingsteam
	Barn vert høyrte i saker som gjeld dei, og tenestene vert ytt i samarbeid med dei føresette	Modell/handlingsplan for systematisk identifisering og oppfølging av utsette barn etter modell frå BTI
		Barn blir høyrte i saker som gjeld dei, og omsynet til barnet sitt beste er vurdert i saker som vedkjem dei
	Godt allment tenestetilbod der den enkelte blir sett og møtt	Utarbeide rutinar for tverrfagleg samhandling
		Gjennomføre COS-opplæring mellom tilsette
		Praksis og læring i tverrfaglege samhandlingsgrupper i bhg og skule
		Nettverksmøte og familieråd
		Informasjon og kommunikasjon via digitale verktøy/plattformer

Område	Mål/Tiltak	Indikator
Organisasjon	Utarbeide oppvekstplan/ plan for barn og unge	Utarbeidd i løpet av 2021
	Redusert sjukefråvær	Redusere sjukefråværet med 10 % i 2021 samanlikna med 2020
	10-faktor undersøking	I prosess med dei tilsette medvite og målretta arbeide med dei områda med størst utviklingspotensiale
	STIM-møte	Minst 2 STIM-møte pr år
	Medarbeidar samtale	Gjennomføre medarbeidersamtale med alle tilsette
Økonomi	Halde tildelt økonomisk ramme	Månadlege rapporteringar
		Kommunedirektør/øk.sjef på leiarmøte

3.6 Samfunnsutvikling



Sektoren har fem avdelingar med om lag 90 årsverk. Ansvarsområdet til sektoren er stort og har ei nøkkelrolle med omsyn i å utløyse auka verdiskaping i kommunen på fleire felt. Sektoren ønskjer å følgje opp visjonen «*Der teknologi og tradisjon møtest*» ved å vere ein god tilretteleggjar for lokalsamfunnet. I rolla som arbeidsgjevar skal ein bidra og stimulere til skaparkraft og kreativitet blant eigne tilsette.

Kommunereform og innføring av ny struktur har naturleg nok medført ei ekstra belastning for dei involverte, men ein er sikker på at organisasjonen er «sydd» saman på ein god måte». Likefullt vil det vere naudsynt å vere dynamiske og ha endringskultur i organisasjonen slik at ein når dei krav og målsetjingar som vert satt for sektoren til ei kvar tid. Ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til å møte framtidige utfordringar og ein er opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på.

Eigedom

Ansvarsområdet har eitt samordna ansvar for ei forsvarleg, fagleg, rasjonell og kostnadseffektiv eigedomsforvaltning. Forvaltning av kommunen sine eigedomar slik skal vere berekraftig og ein skal ivareta brukarane sine behov for gode, raske og tilfredstillande løysingar.

Vatn og avløp

Ansvarsområdet vatn og avløp skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte. Ein skal gjennomføre arbeid og prosjekt på ein kostnadseffektiv måte som gir innbyggjarane/ brukarane gode, sikre, funksjonelle og kostnadseffektive anlegg med omsyn til framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Veg og park

Ansvarsområdet skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innafor tenester knytt til veg med tilhøyrande infrastruktur inkl. veglys, kyrkje, park, idrettsområde, friområde og leikeplassar, hamn og EKOM (breiband).

Utvikling

Ansvarsområdet skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innafor tenester knytt til eigedomskattekontor, spelemidlar og idrettsplan, areal-/reguleringsplanlegging, byggje-/ delesakshandsaming, kart/oppmåling, landbruk, oppfølging av ulovleg forureining, overordna kommuneplanlegginga inkl kommunedelplanar, temaplanar, ROS mv og miljø og klimasaker

Brann

Ansvarsområdet omfattar brann og redning og skal følgje opp brannlova §1 sitt formål om å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønska tilsikta hendingar.

Overordna mål

Sektoren har som overordna mål å sørge for å yte gode tenester med høg kvalitet, god budsjett disiplin, samhandling og koordinering på tvers av sektorar og avdelingar for å saman nå dei mål og rammer som er satt av kommunestyret og administrativ leiing.

Ein skal best mogleg sikre likeverdige tenester til innbyggjarane og legge til rette for heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. Ein må gjennom si verksemd vise handling knytt til økonomi, bærekraft, miljø og stimulere til at arbeidsplassen er utviklande og attraktiv for dei tilsette.

Økonomiske rammer

ØKONOMIPLAN 2021-2024 VOLDA KOMMUNE - SAMFUNNSUTVIKLING				
	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Framskrivning av budsjett 2020	61 614 626	61 614 626	61 614 626	61 614 626
Innsparingstiltak:				
Reduksjon pensjon av feriepenger	- 240 510	- 240 510	- 240 510	- 240 510
Energireducerande tiltak Prestegata	- 25 000	- 50 000	- 50 000	- 50 000
Avslutte digital køyrebok Egedom	- 50 000	- 50 000	- 50 000	- 50 000
Bytte ut gammel bilpark til elbil - 11 stk	- 117 500	- 235 000	- 235 000	- 235 000
Avvikle byggvakt - samordne Kommunal vakt	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000
Salgsinntekter Dalsfjorden basseng	- 100 000	- 100 000	- 100 000	- 100 000
Austefjord skule	- 200 000	- 400 000	- 400 000	- 400 000
Reduksjon avdeling Veg og Park	- 260 000	- 260 000	- 260 000	- 260 000
Gebyr for graveløyve	- 200 000	- 250 000	- 300 000	- 300 000
Privatisering av vegar	-	- 75 000	- 75 000	- 75 000
Auka oppdrag for Vatn og Avløp	- 200 000	- 200 000	- 200 000	- 200 000
Avslutte digital køyrebok, veg og park	- 12 000	- 12 000	- 12 000	- 12 000
Gradvis auke i gebyr plan og oppmåling	- 110 000	- 190 000	- 250 000	- 250 000
Strukturtiltak Utviklingsavdelinga	- 127 000	- 429 000	- 712 000	- 712 000
Auka oppdrag for Vatn og Avløp, Uviklingsavdelinga	- 40 000	- 40 000	- 40 000	- 40 000
Reduksjon straum veglys som følge av utskifting HQL	-	- 150 000	- 150 000	- 150 000
Nye tiltak:				
Volda Utvikling AS	350 000	350 000	350 000	350 000
Driftsutgifter ny svømmehall	-	-	2 000 000	5 000 000
Korrigerer lønnsbudsjett park, mellom anna flytting av ressurs frå kyrkja	406 634	406 634	406 634	406 634
Samfunnsutvikling	60 439 250	59 439 750	61 046 750	64 046 750
Endring i rammer frå år 2020	- 1 175 376	- 2 174 876	- 567 876	2 432 124

Kommentar

Sektoren skal ha ei aktiv rolle til oppgåveløysing sett i forhold til dei ressursane som ligg i budsjettamma. Avdelingane skal vere offensive med omsyn til å sjå nye måter å arbeide på og drive mest mogleg ressurseffektivt.

I 2020 vart ramma til sektor for samfunnsutvikling redusert med 2 750 000 kr innanfor eigedom og veg/park.

I forslaget for 2021-24 som er lagt fram no er det foreslått nye omprioriteringstiltak i størrelse 3 millioner kroner. Ei rekkje tiltak er vurdert og forslaget inneber både kutt i teneste, investering til driftsmessige gevinstar og hente nye inntekter.

Driftskostnadar til badeanlegg er lagt inn som tiltak under eigedom. Halvårsverknad i 2023 og full årsverknad i 2024.

Ein har arbeidd aktivt med innsparingsprosess i heile sektoren med basis i analyse rapport frå KS konsulent. Prosessen med å redusere drifta i tråd med krava som er lagt til grunn i budsjettutkastet gjeld alle avdelingar i sektoren og i samarbeid med tilsette.

Sektoren viser gjennom sitt arbeid at ein har tatt oppgåva på største alvor og følger lojalt opp kommunen sin profil. Det er lagt stor vekt på å omprioritere og sjå heilskaplege løysingar i budsjettforslaget for kommunen samla.

Vidare kan ein ikkje sjå bort frå nye tiltak som medfører at tenester vert lagt ned, redusert eller at det vert reduksjon i stillingar på fleire områder for å nå målsetjingane.

Viktige og sentrale element i drift av sektoren er å sjå forbetringar som gir rom for tenesteutvikling for innbyggjarane, og at tildelte ressursar vert utnytta best mogleg sett i forhold til dei utfordringar ein har til eikvar tid.


Forventningar og krav frå fleire vil utfordre sektoren framover. Sektoren må vere budd på konfliktfulle tiltak for å balansere drifta. Slik det ser ut i tida framover kan ein ikkje unngå ulike strukturendringar. Det same gjeld nye prosessar knytt til omstilling og omstrukturering av arbeidsområde.



Målkart

Område	Mål/Tiltak	Indikator
Samfunn	Kommuneplanen sin arealdel	Vedtak i KST
	Grad av prosjektgjennomføring (gjennomføringsevne)	Over 90%
Tenester	Tenestene skal vere i samsvar med lov og forskrifter	100 % stadfesting av vedtak frå fylkesmannen
Organisasjon	Sjukefråvær	10% reduksjon frå gjennomsnitt 2019
	STIM møter	2 STIM møter pr. avdeling/seksjon
	Leiarutvikling og leiaropplæring	100% deltaking frå leiarane
	10-faktor	Forbetring på 50 % av faktorane frå førre undersøking
Økonomi	Tilpasse standard på tenestene i tråd med budsjetttramme	Held tildelt budsjett
	God og effektiv prosjektstyring	Innføring av månadsrapportering på relevante indikatorar

3.7 Helse og omsorg



Sektor helse- og omsorg skal gi helse- og omsorgstenester til innbyggerane i Volda frå born er fødde, gjennom levd liv og inn til siste levedag. Oppgåvene til sektoren vert påverka av fleire forhold, mellom anna den generelle folkehelsa, befolkningsstruktur, samhandlingsreforma, demografi, geografi og gjeldande helseavgjeving. For å støtte dette samfunnsoppdraget må ein heile tida tilpasse, endre og utvikle tenestene slik at kan løyse oppdraget.

Samhandlingsreforma som kom i 2012 har tydeleggjort ansvarsdelinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Pasientane skal ha rett behandling på rett stad og til rett tid. Gjennomstrøyminga frå sjukehusa aukar, og kommunane må organisere tenestekjeda slik at det er dei sjukaste pasientane som er på sjukeheim, og dei som kan få behandling heime skal få tilrettelegging for å bu lenger heime. Sjukehusa har tilpassa seg raskare reforma, og dersom kommunane held fram med same tenesteprofil utan å gjere ytterlegare endringar, så vil det verken vere tilstrekkeleg kompetanse eller økonomi til å yte tenestene. Veksten i utgiftene i dei kommunale omsorgstenestene på landet er urovekkjande. Det vart gjort ei undersøking som viser at veksten frå 2017 til 2018 var på 8 %. KS har sett i gang eit forskingsoppdrag for å finne årsaker til denne veksten. Ein er nødt til å ta ned utgiftsveksten i sektoren. Det må arbeidast vidare med nye tankemåtar der ein planlegg ein tenesteprofil som gir tenester på rett nivå og er berekraftig over tid.

Dette inneber at vi ikkje kan halde fram med å organisere oppgåvene slik vi gjer i dag.

Presset på den kommunale økonomien er med å påverke løysingsmodellar for korleis oppdraget kan løysast. Mellom anna har ein no eit sterkt fokus på å kunne løyse fleire av utfordringane ved å legge til rette for at folk skal kunne bu heime så lenge som råd. I det framlagde budsjett- og økonomiplanforslaget, ser ein at på innsparingsforslaga går omstilling og omstrukturering igjen, men med ein tråd knytt mot strategien at folk skal kunne bu heime lenger. Sektoren har siste åra fått årleg auke i løyvingane som har gått både til institusjonsdrift og styrking av heimebasert omsorg, og no vert det i tråd med samhandlingsreforma foreslått at ein tek ned noko av institusjonskapasiteten.

Helse- og forvaltning

Avdelinga har tre seksjonar, samt oppgåver som sorterer direkte under avdelingsleiar. Forvaltningskontoret vurderer alle tenestesøknader og fattar enkeltvedtak. Felles strategi og fokus på folkehelsearbeid, samordning av frisklivsentralar, god utnytting av samla rehabiliteringsressursar, ergoterapiteneste som bidreg sterkt til sjølvshjelpsmoglegheiter for innbyggjarane og koordinerande eining som bistår i samordning der behovet for ulike tenester er behov. I tillegg ligg ansvaret for kjøkkendrift og teknisk drift her.

Kommunal legeteneste

All kommunal legeteneste er samla i ei avdeling, inkludert sjukeheimslege, fastlegeordning, ulike offentlege legeoppgåver og den interkommunale legevaktsordninga. Ny interkommunal legevaktsordninga, med Volda som vertskommune, samlokalsiert med politi og ambulanseteneste, vert starta opp straks over nyåret. I tillegg ligg ansvaret for miljøretta helsevern og kommunalt smittevern her.

Det er vert jobba med å kunne opprette ei LIS1-stilling ved legekantoret i Hornindal (LIS1 = «turnuslege»). Kommunane i sjustjerna har få LIS1 stillingar. Helseføretaket har oppmoda kommunane om å ta større ansvar for kommunal LIS1 plassar. Administrasjonen legg opp til ei eiga sak om dette neste år.

Institusjonsteneste

Avdelinga har fem seksjonar, fire på Volda omsorgssenter og ein på Hornindal omsorgssenter. Korttidsavdeling ligg i Volda med 15 plassar. Behovet for korttids plassar aukar og heng saman at folk skal kunne bu heime lenger. KAD (kommunal akutt døgnplass), er for alle voldingar på korttidsavdelinga i Volda. Pasientar med behov for skjerma plass knytt til ei demensdiagnose, vert vurderte for

plass på Volda omsorgssenter. Institusjonsplassane i Volda og i Hornindal er potensielt for alle innbyggjarane, uavhengig kvar i kommunen ein kjem frå.

Heimetenestene

Heimetenestene har seks seksjonar, tre i ambulerande heimeteneste, to døgnbemanna butilbod og eitt dagsenter. Avdelinga jobbar målretta for å kunne legge til rette for at folk skal kunne bu heime så lenge som råd. Førebyggjande heimebesøk vert gjennomført årleg for 80- åringar, fokus «kva er viktig for deg», Terskelen for å få fast plass i døgnbemanna omsorgsbustad er høg. Geografisk er kommunen krevjande for heimebaserte tenester, det utfordrar også målet om likeverdige tenester i kommunen.

Rus og psykisk helseteneste

Avdelinga har fire seksjonar. Ein seksjon har omorganisert og tatt ned stasjonær bemanning på Sevrinhaugen 7 til fordel for å fordele ressursen i heile kommunen, også på kveld. Dette grepet vert gjort for å handtere stadig fleire som etterspør tenester. Nattevaksressursane vert overført til heimebaserte tenester. To ambulante nattevakter gir betre kapasitet og sikrar likeverdige tenester og tryggleik til personalet. Samarbeid og utnytting av samla fagkompetanse og satsing på lågterskeltilbod har fokus. Omorganisering og kommunesamanslåing stiller nye krav til dei tilsette, også fordi tilsvarende teneste ikkje har vore definert i tidlegare Hornindal. Ressursane i «gamle» Volda må nyttast i utvida geografi.

Bu- og habiliteringsteneste

Bu- og habiliteringstenesta har fem seksjonar. Miljøterapeutiske tenester, avlasting, tilrettelagt sysselsetjingtilbod, dagsentertenester og oppfølging av BPA- ordninga (brukarstyrt personleg assistanse). Både fast tilsette og vikarar vert nytta på tvers av seksjonane v/ fråvær, dette viser fleksibilitet, og eit gode for økonomistyring og samordning. I denne tenesta ligg dei fleste tiltaka kommunen årleg kvalifiserer for refusjon frå staten på «særleg ressurskrevjande tenester».

Overordna perspektiv og mål for sektoren.

Tenesteytinga i sektoren er i hovudsak styrt av lovkrava gitt gjennom helse- og omsorgstenestelova, pasient- og brukarrettigheislova, helsepersonellova og folkehelselova. Kommunesamanslåinga har skapt behov for å sjå på struktur, kapasitet, utfordringar og nye løysingsmodellar for alle tenestene innanfor sektoren.

Eit viktig steg i denne prosessen er å utarbeide ein ny heilheitleg helse- og omsorgsplan. Dette arbeidet er godt i gang og har ei målsetjing om at utkast til ny plan kan leggast fram for høyring i januar 2021.

Planen skal utarbeidast slik at den er eit godt styringsverktøy for politikarar og administrasjon. I planprogrammet har ein lagt desse forventingane:

- Medverke til utvikling av eit heilskapleg, godt koordinert og samordna tenestetilbod. (gode pasientforløp/pasientløyper)
- Medverke til at rett teneste vert ytt til rett tid, i rett omfang og på rett omsorgsnivå.
- Medverke til at helse- og omsorgstenestetilbodet vert ytt med utgangspunkt i pasient/ brukar sine eigne mål for livskvalitet, og at dei kan nytte eigne ressursar og ferdigheiter.

Uavhengig av den nye planen vert det jobba med viktige fokusområde som rekruttering av rett fagkompetanse, heiltidskultur, sjukefråværsarbeid og digitalisering/ velferdsteknologi. I profilhandboka til kommunen vart brukt «Der tradisjon og teknologi møtes». Relatert til sektor helse- og omsorg vil fokuset vere å sikre den trygge og naudsynte tenesta for dei innbyggjarane som treng den, men klare å kombinere det med endring og nyskaping, der andre og nye måtar å tilby teneste på er inkludert.

Tiltak i sektoren

Tiltaka som er lagt fram frå sektoren vert nærare grunngjeve i eige vedlegg.

Økonomiske rammer

ØKONOMIPLAN 2021-2024 VOLDA KOMMUNE -HELSE OG OMSORG				
	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Framskrivning av budsjett 2020	265 213 493	265 213 493	265 213 493	265 213 493
Korrigering frå framskrivning tiltak adm stillingar og samanslåingseffekt	- 116 581	- 116 581	- 116 581	- 116 581
Reduksjon pensjon av feriepengar	- 1 671 889	- 1 671 889	- 1 671 889	- 1 671 889
Reduksjon Psykisk helseteneste som følge av mindre flyktingar	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000
EL bil effekt	-	-	- 1 440 000	- 1 440 000
Slå saman kjøkkendrift Volda og Hornindal	- 805 000	- 1 600 000	- 1 600 000	- 1 600 000
Reduksjon av ei bugruppe Volda omsorgsenter som konsekvens av lenger heimebuande	-	-	- 3 000 000	- 3 000 000
Etablere kommunalt vaskeri	-	- 1 400 000	- 1 400 000	- 1 400 000
Redusere heimhjelp frå Fjordsyn frå 60 til 40 %	- 90 000	- 90 000	- 90 000	- 90 000
Opprette base for heimebaserte tenester Folkestad				
Oppseiing digital køyrebok helse og omsorg	- 100 000	- 100 000	- 100 000	- 100 000
Nye tiltak:				
Korrigering feil lønnsbudsjett 2020, Rus og Psykiatri	1 550 112	1 550 112	1 550 112	1 550 112
Korrigering feil frå lønnsbudsjett 2020, Heimetenestene	36 928	36 928	36 928	36 928
Legevakt	800 000	800 000	800 000	800 000
Helseplattforma	-	-	1 561 650	1 561 650
Helse og Omsorg	264 567 063	262 372 063	259 493 713	259 493 713
Endring i rammer frå år 2020	- 646 430	- 2 841 430	- 5 719 780	- 5 719 780

Sektoren si ramme vart skissert skulle reduserast med ca. 10,1 mill dei komande tre åra. I framlegget vert det lagt fram innsparingsforslag tilsvarande kr. 9,6 mill. I fråtrekk frå kr. 9,6 mill kjem korrigering på feil budsjettering og to nye tiltak. Samla innsparingsforslag vert etter dette kr. 5.7 mill.

Storleiken på kravet om innsparing som skulle leggest fram av sektorane er dermed redusert for helse- og omsorgssektoren samanlikna med dei andre store sektorane. Ein har såleis skjerma denne sektoren noko då dette er det tenesteområdet ut i frå demografien som vi forventar størst utfordringar framover. Når ein ser ressursstyrkinga til sektoren over tid, så er mykje av dette ei dreining av ressursar frå institusjonsteneste til heimebaserte tenester.

Nokre av innsparingsforslaga eller ressursdreinga handlar om tenestetilbod knytt til eldre. Samspelet mellom heimebaserte tenester, omsorgsbustader med/ utan bemanning og institusjonsteneste heng saman. Det gjer også andre tenester som påverkar spesielt det å bu heime. Ein kan nemne fastlege, dagtilbod, kvardagsrehabilitering, ergoterapiteneste, demensteam, velferdsteknolog og anna rehabiliteringsteneste som eksempel. Kommunen er med i eit samarbeidsprosjekt med Ørsta og Ulstein, samt Husbanken, Høgskulen og fylkesmannen. Prosjektet heiter «eit aldrande samfunn». Kva og korleis skal kommunen rigge seg for ei framtidig sterkt aukande eldrebefolkning?

Det finst ikkje eit bestemt måltal for kor mange institusjonsplassar ei kommune må ha. Det finst heller ikkje måltal for kor mange døgnbemanna omsorgsbustader ei kommune bør ha. Det manglar fagleg belegg for å kome med eksakte måltal på dette. I KOSTRA-samanheng er forholdet mellom institusjonsplassar og antal eldre uttrykk

for dekningsgrad. Dersom antal institusjonsplassar og omsorgsbustader med døgnbemanning ligg på ca 25% av tal eldre over 80 år, kan det vere ein indikasjon på behovet. Dette er ikkje ei fagleg norm. Det er mange ulike faktorar som har betydning for eit slikt tal. Ikkje minst vil korleis kommunen sin tenestestruktur og tilbod utover institusjonar og omsorgsbustader spele inn, geografi og demografi mm.

Om ein tek utgangspunkt i 25% kan ein lage ein tabell over døgnbemanna tilbod for eldre i Volda kommune.

Lokasjon	Plassar i dag	Plassar om endring vert vedtatt
Hornindal omsorgssenter	24	24
Volda omsorgssenter	77	68
Fjordsyn	29	29
Folkestadtun	11	0
Barstadtun	25	25
Samla tal døgnplassar	166	146
Dekning i % av 583 (80+)	28,5%	25,04%

Endringa er foreslått først gjennomført i 2023. Vidare utgreiing av denne dreininga vil også verte kopla til prosessen med helse- og omsorgsplan og eiga utgreiing i løpet av økonomiplanperioden.

Toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester

Kommunane betaler ein eigenandel og får kompensert 80 % av utgiftene utover denne eigenandelen. Eigenandelen aukar med kr 46 000 pr brukar og innslagspunktet for eigenandelen vert dermed 1 430 000. Ordninga gjeld berre for brukarar under 67 år. For brukarar over 67 år er det ingen statleg kompensasjon. Regjeringa foreslo auke i eigenandelen for 2020 også, men dette gjekk ikkje gjennom i Stortinget. Det er framleis tvil om det er fleirtal for dette i årets handsaming av statsbudsjett også. Vi har ikkje lagt inn auka eigenandel for Volda kommune, men må kome attende til dette dersom det vert vedteke. KS har reagert sterkt på at staten prøver å overføre meir av kostnadene over på kommunesektoren. På landsbasis inneber dette ein meirkostnad på 300 mill.

Målkart

Område	Mål/Tiltak	Indikator
Samfunn	Ny helse- og omsorgsplan er utarbeidd, inkl. temaplanar for habiliterings/rehabilitering, demensplan	Vedtatt i KST
	Innbyggjarane skal kjenne seg trygge	Opning av ny interkommunal legevakt
Tenester	Helse- og omsorgstenestene skal bidra til at den enkelte i størst mogeleg grad blir istand til å ta vare på seg sjølv.	Tal brukarar av Dagtilbod for eldre skal aukast
		Tal tryggleiksalarmar skal aukast.
		Brukarundersøking gjennomførast årleg i alle tenesteområder
		Bruk av GPS for heimebuande skal aukast
		Tal Evondos medisindispenser skal aukast
		Kor mange i arbeidsfør alder returnerer til arbeidslivet etter deltaking i Frisklivssentralen?
		Kor mange fortsetter å bu heime etter å ha mottatt kvardagsrehabilitering og kor lenge vart dei buande heime.
		Tal rekrutterte i høve utlyste stillingar skal målast fortløpande.
		Oppdatert kompetanseplan
	Helse- og omsorgssektoren skal sikre god rekruttering av fagkompetanse	«Tettpå»- samtalar leiaroppfølging/leiarrettleiing, 1 x per månad
	Felles møtepunkt i høve førebygging av sjukefråvær for avdelingsleiarar og seksjonsleiarar, 6 x per år. Dette i tråd med IA avtalens prioriteringar 2019-2022	

Område	Mål/Tiltak	Indikator
Organisasjon	Arbeidsmiljø målt ved 10 faktor over landssnittet	10% reduksjon på gjennomsnitt 2019
	Sjukefråvær	Tettpå» leiaroppfølging/leiarretteiing 1 x per måned
Økonomi	Halde dei økonomiske rammene	«Tettpå» leiaroppfølging/leiarretteiing 1 x per måned

3.8 Interkommunale- og vertskommunesamarbid

3.8.1 SSIKT

Søre Sunnmøre IKT er lokalisert i Ulstein og leverer ikt tenester til alle sju kommunene på Søre Sunnmøre. Budsjettet for kjøp av desse tenestene ligg under administrasjonsstaben og utgjer 9,7 mill kroner. Dette er kostnadar til drift av programvarer og kapitalkostnadar knytt til investering.

3.8.2 PP tenesta

Volda kommune er saman med Hareid, Ulstein og Ørsta ein del av den interkommunale PP-tenesta som Ulstein er vertskommune for. Tenesta er heimla i barnehagelova § 19 c og opplæringslova § 5-6.

Interkommunal PPT har 18 stillingar inkludert leiar, administrativ konsulent og merkantil stilling. Tenesta skal yte teneste til i alt 72 einingar i dei fire kommunane inkl vidaregåande skular.

Opplæringslova er under revisjon og dei nasjonale føringane er ei dreining mot å prioritere kompetanseheving/organisasjonsutvikling og endringsleiing. Dette med bakgrunn i målet om å inkludere fleire born/elevar i fellesskap med andre i det ordinære tilbodet. Dette er ei endring der fokus til ei viss grad vert flytta frå enkeltindivid og over til barnhage- og skulekulturen, læringsmiljøet og omliggande faktorar kring enkeltindivid.

3.8.3 Barnevern

Volda kommune er vertskommune for den interkommunale barneverntenesta. Hareid, Ulstein og Ørsta er pr i dag samarbeidskommunar.

Tenesta har kring 55 årsverk.

Føremålet med samarbeidet er å etablere ei fagleg sterk barnevernteneste som sikrar god og brei kompetanse, habilitet og rettssikkerheit i tenestetilbodet. Barneverntenesta skal vere open og tilgjengeleg for brukarane, samarbeidspartane og for ålmenta.

Samarbeidet skal utføre dei oppgåvene kommunen har etter lov om barneverntenester, jfr. § 2-1. Dette omfattar også ansvaret for individuelle tiltak etter kapittel 4 i lova, samt for førebyggjande og samarbeidande verksemd etter kapittel 3 i lova. Det ligg til avdelingsleiar barnevern å gjere dei barnevernfaglege vurderingane og fatte vedtak i enkeltsaker.

3.8.4 NAV

Volda kommune har inngått ein vertskommuneavtale med Ørsta om felles NAV-kontor. Føremålet med samarbeidet er å etablere fagleg robuste NAV-tenester for begge kommunane med god og brei kompetanse, habilitet og rettsikkerheit i tenestetilbodet. NAV skal vere ei open og tilgjengeleg teneste for brukarar, samarbeidspartar og ålmenta. Innhald og kvalitet på tenesteytinga skal vere god overfor brukarane.

Samarbeidet vil gi auka ressursutnytting, meir kostnadseffektivt tenesteområde, reduserte administrasjonskostnader, meir effektiv og stabil drift, og sikre einskapleg forvaltningspraksis og likeverdige samarbeid mellom deltakarkommunane. Felles NAV-kontor inneber at tenestene også er harmoniserte mellom kommunane, slik at endringar i tenesteprofil eller prioriteringar skal vere avklart mellom deltakarkommunane i forkant.

NAV Ørsta/Volda, skal saman med samarbeidspartane, ha fokus på å betre levekåra til vanskelegstilte ved å tilpasse tenestene til kvar enkelt brukar sine behov, ha særleg vekt på kvalifisering til arbeid og aktivitet, og færre på trygd og stønad. NAV Ørsta/Volda skal gjennom eigne tenester og i samarbeid med andre tenesteområde ha eit sterkt engasjement for å førebyggje mot utanforskap.

3.8.5 Landbruk

Ørsta er vertskommune for felleslandbrukskontor for Volda og Ørsta.

Landbrukskontoret skal vere tilgjengeleg ein dag i veka på Smia i Hornindal. I høve tal for landbruksnæringa har Ørsta tradisjonelt vore større enn Volda på ei rekkje felt. No vert dei to kommunane mykje meir jamnstore, både i tal produsentar, eigedomar og dyretal.

Forvaltninga av tilskot til næringa er på om lag 75 mill kr. Landbrukskontoret har om lag 1.700 landbrukseigedomar å forholde seg til, og om lag 330 føretak som driv næring og dermed søker produksjonstilskot.

3.9 Innspel til budsjettarbeidet

Skisenter

Til budsjettarbeidet 2020 / økonomiplan 2020-2023 kom der ein søknad frå Hornindal skisenter om årleg støtte, som følgje av at Volda skisenter har eit årleg driftstilskot. Dette vart ikkje innarbeidd i budsjett som følgje av den økonomiske situasjonen og innsparingar i den kommunale drifta. Meininga var at også tilskotet til Volda skisenter skulle vurderast. I løpet av år 2020 har Volda skisenter sendt søknad til kommunen om ytterlegare støtte/tilskot for å kompensere for utfordringar skisenteret har fått etter korona. Saka var oppe i kommunestyret 24. september der søknaden ikkje vart imøtekomen. I ettertid har Volda skisenter fått kr 296 000 i statleg koronastøtte. Kommunedirektøren har ikkje prioritert å auke tilskotet til Volda skisenter dei neste åra 2021-2024. Det bør arbeidast vidare med korleis vi skal handtere tilskot til dei to skisentera som vi no har i kommunen. Volda kommune er inne på eigarsida i begge skisentra og ein bør i samanheng med tilskotsvurdering gå i felles dialog med selskapa om deira utvikling med sikte på berekraftig drift. Klimaendring kan påverke driftskonseptet.

Volda kyrkjelege felle råd

Søknad frå kyrkja ligg også som vedlegg til sak om økonomiplan 2021-2024. Kyrkja viser til forslaget om å redusere rammene med 0,3 mill kroner og kva utfordringar dette vil gi. Tiltaket om reduksjon i rammer ligg som forslag til innsparing, men i det administrative framlegget er rammene ikkje redusert. Det er likevel forventa at også kyrkja skal klare å hente inn gevinstar etter samanslåinga og på sikt klare det same effektiviseringskravet som kommunene står overfor. Administrasjonen forventer difor at lønns- og prisvekst vert finansiert gjennom dei rammene som no vert vidareført.

Gode Vegar AS

Volda kommune har ei avtale med Gode Vegar AS for rådgjeving og bistand i samferdsels spørsmål. Kostnaden i avtalen i 2020 er kr 60000. Det vert lagt fram eiga sak om vidareføring av avtalen for 2021.

Voldsfjordkryssing

Voldsfjordkryssing AS er eit pådrivarselskap som arbeider for å drive fram bru over Voldsfjorden og bru over Dalsfjorden. Volda kommune var initiativtakar til

etablering av selskapet. Selskapet har som strategi å få planane for bruropsjektet førebudd for overlevering som ferjeavløysingsprosjekt. Strekninga Volda – Folkestad er riksveg. Dalsfjordbrua vil vere eit fylkesvegprosjekt. Volda kommune er største eigar, og til no har selskapet søkt Volda kommune om midlar for å finansiere aktiviteten sin. Til no har Volda kommunestyre løyvd om lag 4 millionar. Det er sentrale krav til planlegging av riks- og fylkesvegprosjekt. Statens Vegvesen operer med eit kostnadsoverslag på planlegging som utgjer om lag 1 – 2 % av prosjektkostnaden. Kostnaden med å føre fram planane for desse prosjekta vil avhenge av prosjektkostnaden. Denne vil først vere kjent når prosjekta er ute på anbod. Det vil vere to-sifra millionbeløp å føre fram desse planane. Dersom det er Volda kommune som skal dekkje desse kostnadene så må dei dekkjast over drifta da dette vil vere prosjekt som ikkje skal aktiverast i Volda kommune sin rekneskap som Volda kommune sin eigedom.

Volda formannskapet har gjort vedtak 6. oktober (sak 186/20) om å sende prosjektet Dalsfjordkryssing over til Møre og Romsdal fylkeskommune med oppmoding om å innarbeide prosjektet med prioritet i fylkeskommunen sitt investeringsprogram for fylkesvegar. I same vedtak vart det synt til prosedyrene for prosess og kvalitetssikring av sjølvfinansierende fylkeskommunale prosjekt og la til grunn at fylkeskommunen gjer bestillingar overfor Voldsfjordkryssing AS for nødvendig avgjerdsgrunnlag der fylkeskommunen skal gjere vedtak i dei ulike fasane. Volda kommune har bedt om attendemelding frå fylkeskommunen i spørsmål om å inngå ei forskoteringsavtale for kostnader Volda kommune har hatt og vil ha med prosjektet.

I informasjon til ordførar har Gode Vegar AS vist referanse til at det ikkje er noko ferjeavløysingsordning for riksveg – jfr skriv frå Statens Vegvesen av 02.09.20 som konkret svar på problemstillinga knytt til Festøy – Solevågen.

Kryssing av Voldsfjorden og Dalsfjorden er viktige samfunnsutviklingsprosjekt. Pådrivaselskapet jobbar systematisk for å drive fram desse prosjekta. Det har ikkje vore oppe noko sak der det er teke konkret stilling til at Volda kommune skal ta større økonomisk risiko og dekkje kostnadene med planlegging av desse prosjekta. Dette er noko kommunestyret må ta stilling til. Det vil vere eit løft over drifta å finansiere desse planleggingskostnadene. For å finne rom til ny ungdomsskule og svømmeanlegg, så er ikkje planleggingsmidlar til Voldsfjordkryssing innarbeidd i denne perioden.

Riving av gamle Folkestad skule

Kommunestyret har i sak 93/20 vedteke at skulen skal rivast. Kostnader med riving av skulen er føresett finansiert gjennom budsjettprosessen 2021. Riving må dekkjast over drifta og det er ikkje funne rom for dette neste år, og ein foreslår at ein kjem attende til dette i ei budsjettkorrigerings dersom ein finn rom for det i 2021.

Innspel frå innbyggjarar

Til økonomiplanprosessen har der kome fleire innspel frå innbyggjarar. Alle innspel som har kome og vil kome gjennom prosessen vert lagt til som vedlegg til saksframlegget om budsjett år 2021 og økonomiplan 2021 – 2024.

3.9.1 Tilskot og avtalar til lag og organisasjonar framover

Administrasjonen signaliserte i forrige økonomiplan at vi i år 2020 ville ta ein gjennomgang på tilskot og avtalar som ligg til lag og organisasjonar i kommunen. Det same gjeld abonnement på diverse tidskrift og medlemskap til ulike organisasjonar. Arbeidet vil vere viktig for å unngå for store reduksjonar på lovpålagt tenesteproduksjon. Denne saka er framleis ikkje lagt fram og vi vil arbeide vidare med dette inn i år 2021.

4 INVESTERINGAR

Eit mål for administrasjonen er å få til eit realistisk investeringsbudsjett som ein har kapasitet til å gjennomføre. Sektoren har ei målsetjing der grad av gjennomføring skal vere 90% eller meir.

Større prosjekt som hadde prioritet i budsjett for 2020:

- Løvland bustadfelt- ferdigstilt
- Søre Bjørkedal avløpsrensing- ferdigstilt
- Ombygging legesenter – ferdigstilt
- Ekom anlegg Halkjelsvik – Folkestad – ferdigstilt
- Nye digitale kart for kommunen – ferdigstilt
- Trafikktrygging ved Bratteberg skule – ferdigstilt
- Ombygging sentralkjøkken ved omsorgsenter – ferdigstilt
- Flaumførebygging Vikaelva - ferdigstilt
- Ferdigstilling av næringsområde Rotset - ferdigstilt
- Volda campus arena- vert ferdigstilt i 2020

- Ferdigstille flaumprosjekt del 1 - vert ferdigstilt i 2020
- Grodås aust, infrastruktur vert ferdigstilt i 2020
- Ekom anlegg Volda – Grodås - vert ferdigstilt i 2020
- Utviklingstiltak Volda sentrum- etter framdriftsplan 2020/21
- Brannstasjon Hornindal – etter framdriftsplan 2021
- Ombygging Vikeneset Renseanlegg – etter framdriftsplan 2021
- Vurdering overtaking Høydal vassverk - etter framdriftsplan 2021
- Nytt symjeanlegg – etter framdriftsplan 2023
- Ny ungdomskule – etter framdriftsplan 2023
- Prosjektering av nytt renseanlegg for vatn i Volda - etter framdriftsplan 2023

Større prosjekt med prioritet i budsjett for 2021:

Nye bygg og ombygging

- Ny ungdomskule – 170,8 mill
- Nytt symjeanlegg – 188,9 mill
- Ombygging Vikebygda skule – 4 mill
- Brannstasjon Hornindal – 15 mill
- Etablering av vaskeri – 6 mill
- Oppgradering kommunale bygg – 3,7 mill

Bustadfelt

- Byggefelt Volda sentrum – 37,5 mill.
 - Utbygging av bustadfelt B58 Øvre Heltne har førebels kalkyle på 32 mill eksklusiv grunnerv.
 - Bustadfelt Urbakkfoten har førebels kalkyle på 15 mill eksklusiv grunnerv Prosjektet heng saman med sambindingsveg Håmyra-Engesetgeila.

Infrastruktur og veg

- Sambindingsveg Håmyra – Engesetgeila - 20,4 mill.
- Engesetvegen– 13,7 mill
- Raudmyrvegen – 4,7 mill
- Asfaltering - 1,5mill
- Veglys – 1,5 mill
- Trafikktrygging – 1 mill

Sentrumsutvikling

- Strategisk egedomsutvikling – 17 mill
- Sentrumstiltak – 5 mill

Maskinar, bilar og inventar

- Elbil og ladeinfrastruktur – 5 mill
- Skifte av brannbil (depot) – 1,1 mill
- Bil og utstyr til veg og park – 1,38 mill
- Ny bil feiing – 0,7 mill
- Energireduserande tiltak Prestegata 33 – 0,3 mill

Vatn og avløp

- Investeringar vatn – 37,4 mill
- Investeringar avløp – 27,1 mill

Detaljer kring investeringane ligg i eige vedlegg.

I tillegg er det ei rekkje andre prosjekt som får overført rammer frå tidlegare år.

Investeringsbudsjettet som no vert lagt fram er kvalitetssikra med tanke på ressursbruk og gjennomføringsevne. Investeringsrammer i økonomiplanperioden er:

§ 5-5. Bevilgningsoversikter – investering

Årsbudsjett 2021/Økonomiplan 2021-2024 Volda kommune

Tall i kroner	Rekneskap År 2019	Regulert budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Investeringsutgifter						
Investeringer i varige driftsmidler	163 797 656	373 054 673	254 788 333	374 458 333	280 758 333	87 425 000
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 206 967					
Sum investeringsutgifter	166 004 623	373 054 673	254 788 333	374 458 333	280 758 333	87 425 000
Investeringsinntekter						
Kompensasjon for merverdiavgift	-24 465 858	-49 823 658	-38 061 667	-48 791 667	-34 991 667	-2 425 000
Tilskudd fra andre	-8 400 936	-800 000				
Salg av varige driftsmidler					-5 000 000	-5 000 000
Salg av finansielle anleggsmidler	-3 002 678					
Bruk av lån	-125 928 512	-320 415 664	-226 726 667	-335 666 667	-255 766 667	-95 000 000
Sum investeringsinntekter	-161 797 984	-371 039 321	-264 788 333	-384 458 333	-295 758 333	-102 425 000
Videreutlån						
Videreutlån	11 985 671	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Avdrag på lån til videreutlån	3 703 038	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	-13 544 498	0	0	0	0	0
Netto utgifter videreutlån	2 144 211	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Overføring fra drift og netto avsetninger						
Overføring fra drift	-1 937	-1 700 000	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond			0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-10 229 364	-10 315 352	0	0	5 000 000	5 000 000
Dekning av tidligere års udekket beløp	7 530 288		0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-2 701 013	-12 015 352	0	0	5 000 000	5 000 000
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	3 649 837	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk	0	0	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)						
Inntekter til fordeling	-24 465 858	-49 823 658	-38 061 667	-48 791 667	-34 991 667	-2 425 000
Utgifter til fordeling	166 004 623	373 054 673	254 788 333	374 458 333	280 758 333	87 425 000
Sum til fordeling (netto)	141 538 765	323 231 015	216 726 667	325 666 667	245 766 667	85 000 000

Fordeling på dei ulike prosjekt følger i neste kapittel.



4.1 Investeringar fordelt på prosjekt

§ 5-5. Bevilgningsoversikter – investering					
Årsbudsjett 2021 / Økonomiplan 2021-2024 på prosjekt					
Tall i kroner	Budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Fra bevilgningsoversikt:					
Investeringer til fordeling (netto)	333 231 015	226 726 667	335 666 667	255 766 667	95 000 000
Nye bygg og ombygging:					
Ny ungdomsskule	10 000 000	25 266 667	75 266 667	60 266 667	
Svømmehall	5 000 000	22 300 000	101 600 000	60 000 000	
Ombygging vikebygda skule		4 000 000			
Brannstasjon Hornindal	5 000 000	15 000 000			
Etablering av vaskeri		6 000 000			
Oppgradering kommunale bygg	958 074	3 700 000	3 700 000	3 700 000	3 700 000
Bustadfelt:					
Byggefelt Urbakkfoten		15 000 000		- 5 000 000	- 5 000 000
Byggefelt Bratteberg		12 500 000			
Infrastruktur og veg:					
Sambindingsveg Urbakkfoten		20 400 000			
Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg	4 661 819	8 600 000			
Raudemyrvegen, samleveg	1 200 000		3 500 000		
Asfaltering	3 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	3 000 000
Veglys utskifting HQL		1 500 000			
Trafikktrygging	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Sentrumsutvikling:					
Strategisk eigedomsutvikling	20 000 000				
Sentrumsprosjektet	11 545 036	5 000 000			
Maksiner, bilar og inventar					
Elbilar og kommunal infrastruktur	500 000	5 000 000	6 000 000		
Skifte av brannbil(er) depot		1 100 000		1 100 000	
Skifte av lastebil park		800 000			
Feiebil		700 000			
Energireducerande tiltak Prestegata 33 - Varmepump		300 000			
Plenetraktor parkavdeling		250 000			
Robotklippar		180 000			
Snøfresar		150 000			
IKT og digitalisering					
Utskifting pc'ar, skjermar m.m	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Infrastruktur nettverk IKT	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Vatn og Avløp (Sjølvcost)					
Avløp samleinvestering	18 282 540	27 100 000	51 500 000	68 300 000	32 300 000
Vatn samleinvestering	11 005 089	37 380 000	79 000 000	37 500 000	43 000 000
NYE Startlån	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Helseplattform				10 400 000	

5 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR

Vi skal i dette kapitlet sjå på faktorar som er avgjerande for den økonomiske handlefridomen:

- Finansområdet
- Statsbudsjettet for 2021, frie inntekter, utgiftsutjamning og andre statstilskot
- Folketalsutvikling
- Eigedomsskatt
- Næringsutvikling

Tabellen under viser budsjettskjema «Bevilgningsoversikter – drift» og viser kor mykje som kan fordelast til drift etter at det er teke omsyn til frie inntekter, statstilskot, avskrivningar, netto finanskostnader og netto avsetningar. I resten av kapittel 5 er det gjort grundig greie for føresetnadane som ligg til grunn for utrekning av budsjettskjemaet.

§ 5-4. Bevilgningsoversikter – drift						
Årsbudsjett 2021 /Økonomiplan 2021 - 2024 Volda kommune						
Tall i kroner	Regnskap År 2019	Regulert budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Generelle driftsinntekter						
Rammetilskudd	-359 141 744	-383 761 019	-375 467 633	-379 997 633	-380 180 633	-379 656 633
Inntekts- og formuesskatt	-255 415 335	-255 500 000	-272 773 000	-272 773 000	-272 773 000	-272 773 000
Eiendomsskatt	-19 575 988	-18 900 000	-21 400 000	-21 400 000	-21 400 000	-21 400 000
Andre generelle driftsinntekter	-50 572 694	-44 915 882	-27 253 735	-42 836 735	-34 870 735	-34 253 735
Sum generelle driftsinntekter	-684 705 761	-703 076 901	-696 894 368	-717 007 368	-709 224 368	-708 083 368
Netto driftsutgifter						
Sum bevilgninger drift, netto	701 960 388	675 860 776	628 995 750	614 478 588	601 313 359	607 496 049
Avskrivninger	59 436 978	52 879 138	53 850 548	53 850 548	53 850 548	53 850 548
Sum netto driftsutgifter	761 397 366	728 739 914	682 846 298	668 329 136	655 163 907	661 346 597
Brutto driftsresultat	76 691 605	25 663 013	-14 048 070	-48 678 232	-54 060 461	-46 736 771
Finansinntekter/Finansutgifter						
Renteinntekter	-7 456 696	-2 930 209	-5 703 533	-6 670 733	-8 628 233	-10 215 233
Utbytter	-6 312 273	-7 000 000	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-3 863 165	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000
Renteutgifter	27 364 198	35 210 613	32 434 645	35 070 212	39 226 516	41 941 487
Avdrag på lån	37 922 398	46 327 572	51 022 176	58 579 732	69 768 621	78 127 510
Netto finansutgifter	47 654 462	68 307 976	70 703 288	79 929 211	93 316 904	102 803 764
Motpost avskrivninger	-59 436 978	-50 515 078	-53 850 548	-53 850 548	-53 850 548	-53 850 548
Netto driftsresultat	64 909 089	43 455 911	2 804 670	-22 599 569	-14 594 105	2 216 449
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	1 937	1 700 000				
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2 118 274	-12 144 156	4 692 655	4 692 655	4 692 655	4 692 655
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-67 285 314	-33 011 755	-7 497 329	17 906 911	9 901 445	-6 909 104
Dekning av tidligere års merforbruk		0				
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-69 401 651	-43 455 911	-2 804 674	22 599 566	14 594 100	-2 216 449
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-4 492 562	0	0	0	0	0

5.1 Finansområdet

Volda kommune nyttar Bergen Capital Mangement som forvaltar på gjeldssida og Storebrand på aktiva sida. I tillegg plasserer vi ledig likviditet med vår hovudbank Sparebank1 Søre Sunnmøre og gjennom dei Odin forvaltning.

Dei siste åra har Volda kommune si gjeld auka og store tiltak i åra framover vil auke lånegjelda ytterlegare. Tabellen under viser planlagde låneopptak i komande økonomiplanperiode:

	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Lånegjeld 01.01	1 501 138 257	1 464 810 685	1 640 515 176	1 917 602 110	2 103 600 156
Låneopptak	10 000 000	226 726 667	335 666 667	255 766 667	95 000 000
Avdrag	46 327 572	51 022 176	58 579 732	69 768 621	78 127 510
Lånegjeld 31.12	1 464 810 685	1 640 515 176	1 917 602 110	2 103 600 156	2 120 472 646
Innbyggjarar	10 430	10 411	10 411	10 411	10 411
Lånegjeld pr innbyggjar	140 442	157 575	184 190	202 056	203 676
Lånegjeld i prosent av driftsinntekter	147,3 %	169,8 %	194,4 %	214,9 %	216,9 %

Dei nye investeringane som er foreslått medfører relativt høg auke i lånegjelda. Det er tilsvarande foreslått frigjerung av ressursar i drifta for å finansiere auka renter og avdrag. Dersom ein ikkje vedtek endringane i drifta, bør ein også utsetje investeringane. Det vil ha svært kortsiktig effekt å finansiere auka renter og avdrag berre ved bruk av disposisjonsfondet. Det vil ikkje vere økonomisk berekraftig.

Volda kommune har eit finansielt måltall som viser til at samla lånegjeld skal utgjere mindre enn 120 % av driftsinntekter. I år 2024 er denne på 216,9 %.

Under føresetnad av at vi frå og med 2025 ikkje tek opp fleire lån og at driftsinntektsnivået er som i 2024 vil vi sjå at måtalet inn mot 2032 vert redusert, men framleis ikkje under måtalet:

	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	År 2029	År 2030	År 2031	År 2032
Lånegjeld	2 042 345 136	1 964 217 626	1 886 090 116	1 807 962 606	1 729 835 096	1 651 707 586	1 573 580 076	1 495 452 566
Rente utgifter	40 894 958	39 723 045	38 551 132	37 379 220	36 207 307	35 035 394	33 863 482	32 691 569
Avdrag	78 127 510	78 127 510	78 127 510	78 127 510	78 127 510	78 127 510	78 127 510	78 127 510
Sum kapitalkostnad	119 022 468	117 850 555	116 678 642	115 506 730	114 334 817	113 162 904	111 990 992	110 819 079
Kapitalkostnad i prosent av driftsinntekter	12,17 %	12,05 %	11,93 %	11,81 %	11,69 %	11,57 %	11,45 %	11,33 %
Lånegjeld pr innbyggjar	11 432	11 320	11 207	11 095	10 982	10 870	10 757	10 644
Lånegjeld i prosent av driftsinntekter	208,9 %	200,9 %	192,9 %	184,9 %	176,9 %	168,9 %	160,9 %	153,0 %

Finansutgifter

Tabellen under viser prognose for kapitalutgifter i komande økonomiplanperiode og kor mykje desse kostnadane utgjer av driftsinntektene:

	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Rente utgifter	32 434 645	35 070 212	39 226 516	41 941 487
Avdrag	51 022 176	58 579 732	69 768 621	78 127 510
Sum kapitalkostnad	83 456 821	93 649 944	108 995 137	120 068 997
Kapitalkostnad i prosent av driftsinntekter	8,39 %	9,69 %	11,05 %	12,27 %

Volda kommune har i 2020 (oktober) ei gjennomsnittrente på 1,42 %.

I økonomiplanperioden er det ikkje forventa at renta kjem til å auke.

Kommunalbanken kjem med følgjande renteprognose for perioden:

År 2021	0,97 %
År 2022	1,06 %
År 2023	1,25 %
År 2024	1,48 %

I økonomiplanperioden 2021 - 2024 er nye investeringar lagt inn med gjennomsnittrenta pr oktober, det vil sei ei rente på 1,42 %, noko som gjer at budsjettet dei tre første åra er lagt inn med ein liten margin på rentesida.

Avdrag

Ny kommunelov krev endringar i Volda sine utrekningar av minsteavdrag. Vi kan ikkje lenger gjere vektning inn mot gjensåande levetid. Endringane medfører at vi frå og med år 2020 må betale meir i avdrag. Sjølv om dette påverkar negativt inn mot drifta er det sunnare økonomistyring med tanke på reduksjon i gjeldsgrad, jf. måltall definert på dette.

Lånegjeld og renteeksponering

Det er ikkje all gjeld som belastar kommunen sin økonomi. Vi har mellom anna lån knytt til investeringar på sjølvkostområdet (vatn og avlaup). Innbyggjarane betalar renter og avdrag knytt til desse låna. Investeringar på omsorgsområdet (som sjukeheim og omsorgsbustader) der staten finansierer delar av investeringane er eit anna døme. Tabellen under viser kommunen si lånegjeld pr 31.12.2020 delt inn i disse kategoriane. Vi gjer merksam på at dette er ei prognose i og med at vi ikkje har oversikt på gjenstående gjeld knytt til rentekompensasjon og investeringar gjennomført på vatn og avløp i begge kommunane:

31.12.2020	
Lånegjeld	1 464 810 685
Herav:	
Lån til vidare utlån	83 226 525
Sjølvkost	110 170 348
Lån med rentekompensasjon	71 425 045
Renteeksponert gjeld	1 199 988 767
Lån som skal finansierast av frie inntekter	82 %

I løpet av 2020 har vi ikkje tatt opp nye lån, med unntak av Startlån på 10 mill kroner. Endringar i låneporteføljen er refinansiering av andre lån. Endringar på refinansieringane endrar gjennomsnittleg rente, rentebindingstid og kapitalbinding:

Nøkkeltal låneportefølje		
	31.12.2020	01.01.2020
Total lånegjeld	1 464 810 685	1 501 138 257
Rentebindingstid	2,66 år	2,45 år
Vekta gj.snittsrente	1,42 %	2,10 %
Kapitalbinding	5,7 år	5,7 år

Rentebindingstid viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid og viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fast. Om ei låneportefølje er utan avdrag og årlege rentebetalningar har ei rentebindingstid på 1, betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.

Kapitalbinding viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding, og viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Dess høgare tal, dess mindre refinansieringsrisiko.

Finansinntekter

Tabellen under viser dei budsjetterte finansinntektene for dei neste 4 åra:

	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Renteinntekter	-5 703 533	-6 670 733	-8 628 233	-10 215 233
Utbytte Tussa	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000
Avkastning plassert portefølje	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000
Sum	-12 753 533	-13 720 733	-15 678 233	-17 265 233
Portefølje Storebrand	65 931 197			
Avkastning i prosent	5,01 %			

Utbytte Tussa

Volda kommune har 484 aksjar i Tussa (15,96 %). Dette er såkalla B-aksjar som ikkje er fritt omsettelege og berre kan eigast av kommune eller fylkeskommune. Volda kommune har saman med dei andre eigarane inngått ein aksjonæravtale som skal gjelde i 6 år. Kommunen har hatt eit langsiktig siktemål med eigarskapen i Tussa. Kommunen har også finansielt motiv for å vere eigar i Tussa, og det er viktig å signalisere overfor selskapet at kommunen har forventning om at Tussa Kraft AS driv så godt at dei også leverer økonomiske resultat som gjer at Volda kommune får ei tilfredsstillande avkastning av den kapitalen som er stilt til rådighet for selskapet.

Avkastning plassert portefølje

Det er budsjettert med ei avkastning på ca 3,3 mill kr pr år. Finansreglementet har opna for plassering i aksjefond, noko som gjer at vi kan auke kravet til avkastning.

5.2 Fondsmidler

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

I tabellen under har vi laga ei oversikt på desse ulike fonda basert på budsjett 2020 og inkludert tilråding i andre tertialrapport:

Saldo 31.12	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Disposisjonsfond	49 963 305	42 465 976	60 372 887	70 274 332	63 905 230
Bundne driftsfond	19 638 275	24 238 826	24 238 826	24 238 826	24 238 826
Ubundne investeringsfond	51 865 830	51 865 830	51 865 830	56 865 830	61 865 830
Bundne investeringsfond	9 403 082	9 403 082	9 403 082	9 403 082	9 403 082
Sum	130 870 492	127 973 714	145 880 625	160 782 070	159 412 968

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Under her ligg midlar avsett til prosjektet kommunesamanslåing. Hensikta med bundne fond er at desse skal nyttast til det bestemte føremålet innan ei tidsperiode. Ved rekneskapsavslutning kvart år vert det gjort eit arbeid med å hente inn midlar, slik at desse ikkje vert ståande over år.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både til investering og drift. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for, som til dømes:

- Renteauke
- Lønsoppgjeret vert dyrare enn forventa
- Auka utgifter i ressurskrevjande tenester
- Uforutsett auke lovfesta tenester som barnevern, sosialhjelp og pleie og omsorg

Kommunen er allereie kjent med at det vil kome ekstra utgifter i 2021 knytt til ressurskrevjande tenester. Omfanget er for tidleg å seie noko om og vert å kome tilbake til i økonomirapport/budsjettkorrigering gjennom året. Disposisjonsfond kan også brukar til å finansiere eigenandel i investeringar eller ekstraordinær betaling av lånegjeld. Dersom ein ikkje har disposisjonsfond vert ein svært sårbar, og uforutsette utgiftsbehov får raskt uønska konsekvensar på drifta og det kan utløyse behov for auka eigedomsskatt.

All bruk av disposisjonsfond må vedtakast av kommunestyret.

Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del-finansiering av kommunale investeringsprosjekt.

Sal av tomter vert tilbakeført til dette fondet.

Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond skal berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen.



5.3 Frie inntekter

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordeling av rammetilskotet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønstilskot for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingsystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunngeevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Volda kommune kan vente å få i frie inntekter i 2020-2024 (utdrag frå KS sin prognosemodell):

Tall i heile 1000	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Innbyggjartilskot	257 790 466	257 790 466	257 790 466	257 790 466
Utgiftsutjamning	23 736 925	23 736 925	23 736 925	23 736 925
Korreksjonsordning for elever i statleg og private skular	3 949 429	3 949 429	3 949 429	3 949 429
Overgangsordning INGAR	- 393 187	- 393 187	- 393 187	- 393 187
Saker særskilt fordeling (lærertettheit, helsestasjon, frivilligsentral)	2 572 000	2 572 000	2 572 000	2 572 000
Inndelingstilskot	21 377 000	21 377 000	21 377 000	21 377 000
Regionsentertilskot	4 077 000	4 077 000	4 077 000	4 077 000
Ordinært skjønn	400 000	400 000	400 000	400 000
Reformstøtte 2020				
Ekstra skjønn - kompensasjon korona				
Koronapandemi - bevilgning gjennom inntektssystem				
RNB- Utsatt overføring skatteoppkrevjing				
RNB 2020 endring i rammetilskot				
Sum rammetilskot utan inntektsutjamning	313 509 633	313 509 633	313 509 633	313 509 633
Netto inntektsutjamning (77,2 %)	59 909 000	59 909 000	59 909 000	59 909 000
RAMMETILSKOT	373 418 633	373 418 633	373 418 633	373 418 633
SKATT PÅ FORMUE OG INNTEKT	272 773 000	272 773 000	272 773 000	272 773 000
FRIE INNTEKTER	646 191 633	646 191 633	646 191 633	646 191 633

Revidert nasjonalbudsjett som vart lagt fram i mai var grunnlaget for første budsjetttal for år 2021 – 2024. Frie inntekter for år 2021 var då om lag 624 mill kroner. Når statsbudsjettet kom i oktober og gir eit ansalg på frie inntekter på 646 mill kroner har vi eit betre utgangspunkt enn vi først trudde.

I år 2020 har Volda kommune fått 9,4 million kroner for å kompensere for auka utgifter og tapte inntekter knytt til korona. I siste veka i oktober har vi opplevd auke i talet på smitta, både på landsbasis og i Volda. Dette er signal om at utfordringane kring korona og covid 19 vil følgje oss inn i år 2021. Vi må vere budde på kostnader med Covid også neste år. Regjeringa har i dag (30. oktober) derfor kome med ei

ekstra løyving for år 2021. Volda sin del av dette utgjer om lag 8,5 million kroner og er ikkje tatt med i tabellen over.

Vi har heller ikkje tatt høgde for ekstra kostnadar knytt til korona i budsjettet og det er nødvendig at denne ekstra inntekta vert «øyremerka» koronautgifter i år 2021. Det kan sjå ut til at det er denne løyvinga som er staten sin kompensasjon for meirutgifter i 2021. Administrasjonen vil følgje situasjonen nøye og leggje fram budsjettkorrigerering i samband med koronasitusjonen i løpet av budsjettåret.

Under følgjer nærare omtale av dei mest sentrale elementa i frie inntekter:

Brutto innbyggjartilskot

I utgangspunktet vert innbyggjartilskotet fordelt med likt beløp pr innbyggjar for alle kommunane. Innbyggjartilskotet er kr 24 761,- per innbyggjar i budsjettframlegg for 2021, og utgjer 257,8 mill kr. for Volda kommune. Dette talet er endeleg og baserer seg på innbyggjartalet per 01.07.2020 som var 10 411.

Det samla innbyggjartilskotet vert fordelt mellom kommunane ved at det vert teke omsyn til utgiftsutjamning, inntektsutjamning, samt ein del andre forhold.

Inntektsutjamning

Utjamning av skatteinntekter skjer løpande gjennom året. Dette medfører at kommunane 7 gonger i året får utjamna skatteinntekter sine. Systemet fungerer slik:

- Kommunane får kompensert 60 % av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.
- Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.
- Kommunar som har skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Ordninga blir finansiert ved at alle kommunar får eit trekk tilsvarande det tilleggskompensasjonen kostar.

I budsjettet for 2021 har vi budsjettert med ei skatteinntekt på 77,2 % av landsgjennomsnittet.

Noko som inneber at vi får ei inntektsutjamning på vel 59,9 mill kr.

Utgiftsutjamning

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølve ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er større enn landsgjennomsnittet, mens kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein prosent lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein kommune med ein indeks på 1,07 eit berekna utgiftsbehov som er sju prosent høgare enn landsgjennomsnittet.

Volda kommune er i 2021 berekna til å vere 4,05 % dyrare å drifte enn landsgjennomsnittet, og blir dermed kompensert for dette med 27,7 mill kr, inkludert korreksjon for elevar i statleg og privat skule. På regjeringa.no sine sider finn vi ei grafisk framstilling av Volda kommune sitt utgiftsbehov samanlikna med gjennomsnittskommunen <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunedata/frieinntekter/id2765160/#/more-og-romsdal/volda>. Tabellen under er henta frå KS sin prognosemodell og viser i kroner er vi vert enten kompensert eller trekt i utgiftsutjamninga:

	HELE LANDET		VOLDA (FRA 1.1.2020)			Bruk av folketall 1.7.2020	
	Vekt	Antall	Antall	Utgifts- behovs- indeks	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj kr per innb	1000 kr
0-1 år	0,0055	109 851	222	1,0434	0,02 %	13	140
2-5 år	0,1363	237 316	445	0,9681	-0,43 %	-245	-2 550
6-15 år	0,2628	641 420	1 227	0,9876	-0,33 %	-183	-1 908
16-22 år	0,0231	453 148	1 060	1,2077	0,48 %	270	2 813
23-66 år	0,1054	3 093 029	5 608	0,9361	-0,67 %	-379	-3 951
67-79 år	0,0572	605 814	1 266	1,0789	0,45 %	254	2 646
80-89 år	0,0781	188 542	457	1,2514	1,96 %	1 106	11 512
over 90 år	0,0393	45 875	126	1,4180	1,64 %	925	9 632
Basistillegg	0,0160	275	0,6497	1,2216	0,35 %	200	2 079
Sone	0,0100	20 827 541	89 085	2,2083	1,21 %	680	7 084
Nabo	0,0100	9 518 719	26 666	1,4463	0,45 %	251	2 617
Landbrukskriterium	0,0021	1	0,0045	2,3210	0,28 %	156	1 627
Innvandrere 6-15 år ekskl Skand	0,0070	51 419	76	0,7631	-0,17 %	-93	-972
Flyktninger uten integreringstils	0,0082	155 865	187	0,6194	-0,31 %	-176	-1 830
Dødlighet	0,0464	40 489	70	0,8926	-0,50 %	-281	-2 922
Barn 0-15 med enslige forsørger	0,0167	113 292	178	0,8112	-0,32 %	-178	-1 849
Lavinntekt	0,0105	285 344	514	0,9300	-0,07 %	-41	-431
Uføre 18-49 år	0,0063	115 718	173	0,7718	-0,14 %	-81	-843
Opphopningsindeks	0,0093	171	0,1905	0,5739	-0,40 %	-223	-2 323
Aleneboende 30 - 66 år	0,0189	488 624	708	0,7481	-0,48 %	-268	-2 792
PU over 16 år	0,0497	19 681	41	1,0755	0,38 %	211	2 201
Ikke-gifte 67 år og over	0,0464	367 626	720	1,0111	0,05 %	29	303
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0166	39 438	92	1,2098	0,35 %	196	2 042
Innbyggere med høyere utdann	0,0182	1 452 561	3 186	1,1324	0,24 %	136	1 413
I Kostnadsindeks	1,0000			1,04048	4,05 %	2 280	23 737

Ser vi nærare på utgiftsutjamninga ser vi at i frå aldersgruppa 67 og oppover får kommunen kompensasjon.

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Føremålet med inntektsgarantiordninga er å gje kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er meir enn 400 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga.

Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar. I berekninga blir talet på innbyggjarar per 1. juli 2020 brukt. Volda kommune blir i 2021 trekt med 0,39 mill kr gjennom ordninga.

Saker med særskilt fordeling

I tildelinga av rammetilskot er der enkeltsaker som vert fordelt utanom ordinære kriterier. For 2021 så er det desse sakene som ligg som særskilt fordelt:

- Inndelingstilskuddet på 21,3 mill kr er ein kompensasjon for kommunesamanslåing og skal kompensere for tap av basistilskot og netto nedgang i distriktstilskot som følgje av samanslåinga. Tilskotet vert utbetalt i 15 år etter samanslåinga, og vert deretter trappa ned over fem år.
- Helsestasjon og skulehelseteneste 1,8 mill kr
- Lærartettheit 0,5 mill kr
- Habilitering- og avlastningstilbud til barn og unge med nedsatt funksjonsevne (covid 19) 0,2 mill kr

Regionsentertilskot

Regionsentertilskotet vert tildelt kommuner som slår seg saman og vil ha over 8000 innbyggjarar. Tilskotet vert tildelt etter ein sats på kr 70,- pr innbyggjar og ein sats pr samanslåing på kr 3 344 000,-.

5.4 Eigedomsskatt

Skattesatsen har heile tida sidan innføring av eigedomsskatten vore på 2 promille i Volda kommune. Etter kommunesamanslåinga har innbyggjarnae i Hornindal kommune i år 2020 hatt ein sats på 1 promille som er maks sats ved innføring av eigedomsskatt. Ved kommunesamanslåingar skal harmonisering av eigedomsskatt skje gradvis, men raskast mogleg. Det betyr at skattesatsen for nye Volda kommune ikkje kan aukast før i 2022. I økonomiplanen for år 2020 – 2023 var det lagt opp til ei auke til 3 promille i 2022 og vidare til 4 promille i 2023. i administrativt framlegg vert denne auken tilbakestillt og eigedomsskatten vert liggande med 2 promille alle fire åra. Auken som er lagt inn er vekst i hustandar samt auken som følgje av at heile kommuene no har to promille.

Kommunestyret har i vedtaket om innføring av eigedomsskatt føresett at den skal søkjast avvikla i 2019. Store investeringar som ungdomsskule, Volda campus, symjeanlegg og barnehage med påfølgjande auka gjeldsbelastning og kapitalutgifter gjer at Volda kommune må pårekne eigedomsskatt i svært lang tid framover.

5.5 Næringsutvikling

Næringsutvikling handlar om at kommunen gjer tiltak for å tilretteleggje for at det kan etablerast nye bedrifter, eller at eksisterande bedrifter kan ekspandere. Næringsutvikling kjem inn under samfunnsutvikling som er eit breiare omgrep også omfamnar bustadutvikling og kultursatsing. Tenesteytinga tek stadig meir av handlingsrommet til kommunen. Ca 80 % av ressursane går til velferdstenestene. Når ein allereie har høg gjeld der renter og avdrag bind opp resten av handlingsrommet, må det gjerast radikale grep for å frigjere midlar til å satse på nærings- og samfunnsutvikling. Vi går no inn i andre året i kommunestyreperioden, og kommunestyret må ta stilling til om ein vil flytte ressursar frå tenestene for å satse på næringsutvikling og samfunnsutvikling.

Det må omprioriterast ressursar til tilrettelegging dersom ein skal ha målsetting om vekst i arbeidsplassar. Vidare krev det at ein har ein næringsvenleg kultur både politisk og administrativt. Dette gjeld i høve til arealplanlegging, sakshandsaming og kommunikasjon. Tett dialog vil leggje grunnlag for dynamikk og samskappingsprosjekt.

Kraftfond og næringsfond

Årleg tilvekst på næringsfond-kraft er i overkant av 1 mill., med tillegg av renter . Reknar ein rund sum er det til disp **kr. 1.050 000 pr. år**. Kommunen har ennå ikkje fått stadfesta tidspunktet for når konsesjonsavgiftene for Bjørke kraftverk etter grensejusteringa vil tilfalle Volda kommune. Ut frå tidlegare berekningar t.d. rapport frå Telemarksforsking er det grunn til å tru at årleg tilvekst til kraftfondet i framtida vil bli noko høgre enn det kommunedirektøren har lagt til grunn for 2021. Kommunedirektøren vil kome attende til det når tidspunktet nemnt ovanfor er stadfesta.

Kommunestyret i Volda har dei seinare åra gjeve støtte til marknadsføring av ulike festivalar, då kommunestyret har sett på festivalane som del av marknadsføring/ omdømebygging av Volda, noko som også kjem fleire til gode, ikkje minst andre næringsdrivande. På same måte har konsesjonsavgiftene i Hornindal blitt nytta til fellestiltak. Det har i tillegg vore nytta midlar frå kraftfondet til Volda næringsforum og til delfinansering av satsinga Sunnmøre Kulturnæringshage gjennom HoppID-avtale.

I 2020 har Volda kommune også i to høve nytta kraftfondet til hjelp for bønder til å finansiere kjøp av geitemjølkekvotar.

Med bakgrunn i kommunesamanslåinga er ein no inne i prosess der retningslinjene for bruk av nærings- og kraftfondet skal reviderast. Kommunedirektøren vonar at sak om revisjon av retningslinjene vert lagt fram på same kommunestyremøtet som

budsjettet for 2021. Einaste midlane som såleis er bundne framover, er tidlegare tilsagn som ikkje er utbetalte samt at Kunnskapsparken (no Volda Innovasjonssenter) skal ha utbetalt kr. 50.000,- i 2021 (Jfr. K.sak 63/19)

Kommunen har dei siste åra ikkje fått ordinære midlar til næringsfondstat/kommune. I 2020 har kommunen derimot fått knappe 1,9 mill. i næringsfond Covid-19 til utdeling. Dette er midlar som er utlyste og all sakshandsaming for dei midlane skal vere avslutta i 2020. Ein er ikkje kjent med at der vil kome nye midlar til det føremålet i 2021.

Kulturnæringshagen – nyetableringar

Kommunestyret vedtok i sak 139/13 å fornye avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune om drift av lokalt hoppid.no-kontor for åra 2013-2016. Den avtalen er forlenga og blir automatisk fornya med eit år om gangen om den ikkje er sagt opp av ein av partane innan

1.oktober i avtaleåret. I samsvar med kst.vedtak i sak 59/12 driftar Sunnmøre Kulturnæringshage AS det lokale hoppid.no-kontoret for kommunen (sjå <http://www.sknh.no/ressursar/hoppid-no-kurs-og-nettverk>).

I følge Fylkesstatistikken for 2020 (nett publisert) vart det i 2019 registrert 82 nyetableringar i Volda (2018 – 65). Dette gir ei etableringsgrad på 13, med 9 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar. Tilsvarende for Ørsta var 94 (2018 – 83), etableringsgrad 13, med 9 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar. Gjennomsnittet for Møre og Romsdal var ei etableringsgrad på 13, med 9 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar.

Volda næringsforum fekk i 2020 overført ei rammeløyving på kr. 360 000.

Næringsforumet har i 2020 eit budsjett på om lag 675.000 kr., men året er rekna som eit mellomår. Drifta er avhengig av kommunalt tilskot i tillegg til medlems-/serviceavgift, andre tilskot og sal av tenester.

I samband med nye Volda vert det også ein gjennomgang av organisering av næringsapparatet. Næringslivet i Volda, Hornindal og Bjørke må i samråd med Volda kommune finne ut av korleis dette skal vere.

Rådmannen foreslår at Volda kommune også for 2021 går inn med eit driftstilskot over kraftfondet på kr 360 000, og eit tilskot frå driftsbudsjettet kr 10 000 som i 2020.

Når det gjeld dei statlege næringsfondsmidlane vil det ut frå signala i forslaget til statsbudsjett heller ikkje i 2021 verte noko påfyll til Volda kommune. Dette resulterer

i at kommune ikkje har midlar til å gi tilskot til nyetablerarar og til bedriftsutvikling utover kraftfondet.

Sentrumsutvikling

I forslaget til arealplan i kommuneplanen er indre delar av Volda sentrum vist som område for sentrumsformål. Det gir moglegheit for eigedomsutvikling med kombinasjon næring, kontor og bustad. Kommunen ynskjer å gå i dialog med grunneigarar og utbyggjarar som vil satse i sentrum for å utløyse utbygging og verdiskaping. Kommunen vil også vere aktiv på strategiske oppkjøp for å få tilgang til sentrale tomter som kan byggjast om til økonomisk berekraftige forretnings- og bustadprosjekt.

Tilrettelegging for bustadbygging

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, men for å kome inn under vekstkommunekategorien og få vekstkommunetilskot, så må innbyggjarveksten kome over 1,6 % over ein 3-årsperiode. Det har ikkje Volda. Volda ligg sentralt geografisk i høve eit akseptabelt pendlingsomland på om lag 60 000 innbyggjarar. Volda har sentrale regionfunksjonar og får såleis regionsentertilskot, og bør ha grunnlag for folketalsvekst.

Kommunedirektøren rår til at ein legg til rette for utbygging av fleire sentrumsnære bustadtomter i Volda. I forslag til investeringsprogram for økonomiplanperioda er Urbakkfoten og Øvre Heltne B-58 peikt på som sentrale områder å bygge ut til dette formålet.

Det er behov for å utvikle ein heilskapleg bustadpolitikk i samarbeid med Husbanken og utbyggjarar med basis i den nasjonale målsettinga om at alle bør ha sin eigen bustad. Det er ei generell problemstilling i kommunane at bustadbygginga vert styrt av marknaden, og at det er manglande tilrettelegging for at dei med bustadsosiale behov og lågtinntektsfamiliar kan skaffe eigen bustad. Dette er svært viktig sett i høve barneperspektivet og folkehelseperspektivet. Dette bør ein gå nærare inn med sikte på å etablere gode tiltak i nye Volda.

Prosjektet «Planar og tiltak for eit aldrande samfunn»aldersvenleg samfunn» som er eit samarbeid mellom Husbanken, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Ulstein, Ørsta, Volda og Kristiansund. Prosjektet tek utgangspunkt i at ved ein aktiv og målretta bustadpolitikk vil ein kunne redusere behovet for omsorgsbustadar og sjukeheimsplassar. Det overordna målet er at

kommunane i nettverket skal utarbeide planar og gjennomføre tiltak som skal styrkje (eldre)bustadpolitikken i kommunen.

Tilrettelegging for næringsetablering

Arbeidsmarknaden i Volda er tufta på kompetansemiljøet i dei offentlege institusjonane. Det er viktig at kommunen er tilretteleggjar og er tydelege overfor myndigheitene om viktigheita av å ha desse institusjonane i regionen vår også i framtida.

Parallelt med dette er det viktig at Volda har strategiar for å stimulere til arbeidsplassar i det private næringslivet. Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage er rådgjevingsorgan som er sentrale for å hjelpe bedrifter i gang, kople offentlege og private interesser i partnerskap, og vere talerøyr for næringslivet sine interesser.

Det er bygd ut nytt næringsareal på Rotset næringsområde, og deler av området er no klar for utlysing. Det er sett av midlar til vidare sentrumsutvikling og fleire prosjekt er satt igong og vil halde fram dei næraste åra.

Oppdelt eigedomsstruktur er ei utfordring med tanke på heilskapleg sentrumsutvikling. Kommunen vil vere aktiv med sikte på tilretteleggingstiltak for sikre vekst og utvikling i Volda.

Norsk Innovasjonsenter og Volda Utvikling AS

Volda kunnskapspark har skifta namn til Norsk Innovasjonsenter.

Kommunestyret etablert eit eige utviklingselskap som skal sikre at målet om at Norsk innovasjonsenter vert nådd.

Det nye kommunale utviklingselskap skal arbeide med å utvikle sentrale kommunale eigedomar i samspel med næringsliv, academia og andre offentlege aktørar. Målsetjinga og forventninga til det nye selskapet er både å legge til rette for verdiskaping, men og ivareta kommunen sine interesser som grunneigar.

Volda Utvikling AS skal gjennom tildelte prosjekt styrkje og legge til rette for at innovasjonsmiljø, FOU og næringsliv vil etablere seg i Volda. Ei sentral og viktig oppgåve for selskapet er å sikre eit godt samspel mellom offentlege arbeidsplassar med høg kompetanse og eit innovativt næringsliv som bidreg til at attraktiviteten og mangfaldet på arbeidsmarknaden vert styrka for Volda og regionen.

Volda Utvikling AS sitt første prosjekt er å legge til rette for at Norsk Innovasjonsenter AS vert etablert ved høgskulen i Volda.

Norsk Innovasjonssenter skal være eit nasjonalt knutepunkt for kryssinnovasjon der næringsliv kan samskape med fagmiljøa på HVO, og ein kan dyrke fram nye bedrifter innan tverrfagleg kunnskapsintensiv tenesteproduksjon og innovasjon innan industriell utvikling. Det er gjort prosjektarbeid sidan 2016 som har gjort intensjonsavtalar med leigetakarar innan fleire næringar og tenesteytarar innan rekneskap, revisjon, avtalejus/advokatar, investorar , høgskule og nasjonale støttespelarar i SIVA program.

Selskapet er i prosess med moglege partnerar, investorar og framtidige leigetakarar til samtalar kring prosjektet med mål om snarleg realisering .

Reiseliv

Den nye kommunen har eit potensial for reiseliv. Kommunen har i samarbeid med næringslivet i 2020 gjennomført eit arbeid der val av destinasjonselskap har stått sentralt. Innstillinga til kommunestyret er at det rette destinasjonselskapet for kommunen og næringslivet er DÅS (Destinasjon Ålesund og Sunnmøre). I ei overgangsperiode (2021) må Volda kommune vere medlem av destinasjonsselskapet Visit Nordfjord i tillegg.

Destinasjon Ålesund og Sunnmøre har saman med Ørsta kommune invitert Volda kommune med som likeverdig part inn i Hjørundfjordprosjektet. Siktemålet vil vere å sjå heile Hjørundfjorden med Viddal/Bjørke og Hornindal i samanheng opp mot turoperatørar og utvikling av opplevingstilbod. Dette prosjektet vert å arbeide vidare med i 2021.

5.8 Miljø og klima

Volda kommune ønskjer å ta ei rolle i å utvikle eit berekraftig samfunn for framtida. I sitt arbeid legg ein til grunn FN's berekraftsmål (Sustainable Development Goals – SDGs) som utgjer stamma i den globale arbeidsplanen «Agenda 2030» 11. Dette er ein felles plan for alle medlemslanda i FN for korleis vi kan utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringene innan 2030. FN's berekraftsmål består av 17 hovudmål og 169 delmål.





I dei nasjonale forventningane til kommunal og fylkeskommunal planlegging er signala klare:

- Berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar.
- Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere FN's berekraftsmål i Noreg.
- Berekraftsmåla må bli ein del av samfunns- og arealplanlegginga, og dermed fylkeskommunane og kommunane si verksemd.

Volda kommune deltek i prosjektet «Berekraftfylket Møre og Romsdal» som er eit initiativ frå Møre og Romsdal fylkeskommune for å svare på regjeringa sine forventningar. Satsinga høyrer under «Møre og Romsdal 2025» der ein samordnar heile offentleg sektor i Møre og Romsdal.

Fagleg er «Berekraftfylket» ein del av «Det norske bærekraftløftet», eit nasjonalt samarbeidsforum for norske kommunar og fylkeskommunar som arbeider med berekraft med basis i det FN støtta programmet U4SSC (United for Smart and Sustainable Cities).



Satsinga omfattar alle kommunane i Møre og Romsdal samt offentlege etatar som ønsker å bli med. Sentralt i «Berekraftfylket» står samarbeid med privat næringsliv, foreningar, frivillig sektor og kulturlivet om konkrete prosjekt og satsingar. Det er og viktig å involvere akademien ved å knytte kunnskapsmiljøa i fylket tett opp mot satsinga og det veivalet «Berekraftfylket» inneber.

Kommunane vil arbeide for å nå berekraftmåla gjennom å:

- Bidra til kartelegging av status i sin kommune
- Utvikle samfunns- og arealplanar som viser korleis vi skal nå berekraftmåla
- Mobilisere og støtte innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og akademien som bidreg til berekraftig utvikling
- Måle og evaluere effekten av innsatsen
- Offentlege aktørar, organisasjonar og andre som vil vere med på satsinga forpliktar seg til å støtte kommunane i sitt arbeid med «Berekraftfylket Møre og Romsdal».

Ein kan lese meir om prosjektet her - [lenke](#)

Planstrategi

Planstrategi skal vedtakast i løpet av første året i valperioden, dvs i løpet av 2020. Planstrategien handlar om prioritering av planar ut frå utfordringar og behov i den nye kommunen. Dette skal byggje på risiko- og sårbarheitsanalyse som vart vedteken våren 2020.

I planstrategien må ein avklare planbehov for den nye kommunen også knytt til miljø og klima. For at kommunane sine klimatiltak skal ha effekt er det viktig å

konsentrere innsatsen der den kan ha størst effekt, og at innsatsen vert mest mogleg samordna over heile landet.

I arbeidet med ny planstrategi for Volda kommune er det lagt til grunn at både planstrategi og ny samfunnsplan skal tuftast på bærekraftsmåla frå FN. Gjennom fleire samlingar i 2020 har ein vurdert, prioritert og sett på mål og tiltak som er relevante for Volda kommune.

VEDLEGG

I tillegg til vedlegga som følger under ligg følgjande dokument som vedlegg til framlegget:

- ✓ Administrasjon, Konsekvensutgreiing tiltak
- ✓ Oppvekst, Konsekvensutgreiing tiltak
- ✓ Helse og omsorg, Konsekvensutgreiing tiltak
- ✓ Samfunnsutvikling, Konsekvensutgreiing tiltak drift
- ✓ Samfunnsutvikling, Konsekvensutgreiing tiltak investering
- ✓ Digitaliseringsprogram Volda kommune
- ✓ Tiltaksliste Digitaliseringsprogrammet år 2021

HOVUDOVERSIKTER

§ 5-4 Bevilgningsoversikt Drift

§ 5-4. Bevilgningsoversikter – drift								
Årsbudsjett 2021 / Økonomiplan 2021 - 2024 Volda kommune								
Tall i kroner	Regnskap År 2019	Budsjett År 2020	Reguleringer År 2020	Regulert budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Generelle driftsinntekter								
Rammetilskudd	-359 141 744	-369 244 000	-14 517 019	-383 761 019	-375 467 633	-379 997 633	-380 180 633	-379 656 633
Inntekts- og formuesskatt	-255 415 335	-263 725 000	8 225 000	-255 500 000	-272 773 000	-272 773 000	-272 773 000	-272 773 000
Eiendomsskatt	-19 575 988	-18 900 000	-1 500 000	-20 400 000	-21 400 000	-21 400 000	-21 400 000	-21 400 000
Andre generelle driftsinntekter	-50 572 694	-51 773 382	8 020 374	-43 753 008	-27 253 735	-42 836 735	-34 870 735	-34 253 735
Sum generelle driftsinntekter	-684 705 761	-703 642 382	228 355	-703 414 027	-696 894 368	-717 007 368	-709 224 368	-708 083 368
Netto driftsutgifter								
Sum bevilgninger drift, netto	701 960 388	647 096 046	12 205 548	659 301 594	629 087 854	614 570 692	601 405 463	607 048 153
Avskrivninger	59 436 978	52 879 138	0	52 879 138	53 850 548	53 850 548	53 850 548	53 850 548
Sum netto driftsutgifter	761 397 366	699 975 184	12 205 548	712 180 732	682 938 402	668 421 240	655 256 011	660 898 701
Brutto driftsresultat	76 691 605	-3 667 198	12 433 903	8 766 705	-13 955 966	-48 586 128	-53 968 357	-47 184 667
Finansinntekter/Finansutgifter								
Renteinntekter	-7 456 696	-2 430 209	-3 746 000	-6 176 209	-5 703 533	-6 670 733	-8 628 233	-10 215 233
Utbytter	-6 312 273	-7 000 000	300 000	-6 700 000	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-3 863 165	-3 300 000	-500 000	-3 800 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000
Renteutgifter	27 364 198	37 210 613	-7 000 000	30 210 613	32 434 645	35 070 212	39 226 516	41 941 487
Avdrag på lån	37 922 398	46 247 693	79 879	46 327 572	51 022 176	58 579 732	69 768 621	78 127 510
Netto finansutgifter	47 654 462	70 728 097	-10 866 121	59 861 976	70 703 288	79 929 211	93 316 904	102 803 764
Motpost avskrivninger	-59 436 978	-50 515 078	-2 364 060	-52 879 138	-53 850 548	-53 850 548	-53 850 548	-53 850 548
Netto driftsresultat	64 909 089	16 545 821	-796 278	15 749 543	2 896 774	-22 507 465	-14 502 001	1 768 549
Disponering eller dekning av netto driftsresultat								
Overføring til investering	1 937		1 700 000	1 700 000				
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2 118 274	-8 924 363	4 780 207	-4 144 156	4 600 551	4 600 551	4 600 551	4 600 551
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-67 285 314	-7 621 458	-5 683 930	-13 305 388	-7 497 329	17 906 911	9 901 445	-6 369 104
Dekning av tidligere års merforbruk				0				
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-69 401 651	-16 545 821	796 277	-15 749 544	-2 896 778	22 507 462	14 501 996	-1 768 553
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-4 492 562	0	0	0	0	0	0	0

§ 5-4 Bevilgningsoversikt Drift, fordelt på sektor

§ 5-4. Bevilgningsoversikt drift, Årsbudsjett 2021/Økonomiplan 2021-2024 fordelt pr. sektor								
Tall i kroner	Regnskap År 2019	Budsjett År 2020	Regulering År 2020	Regulert budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Fra Bevilgningsoversikt:								
Til fordeling drift								
Inntekt	- 16 208 393	- 9 564 000	- 481 721	- 9 915 721	- 10 464 000	- 10 464 000	- 10 464 000	- 10 464 000
Utgift	46 375 394	41 253 890	7 158 942	48 381 442	47 016 527	46 716 527	46 016 527	44 816 527
Administrasjonsstab	30 167 001	31 689 890	6 677 221	38 465 721	36 552 527	36 252 527	35 552 527	34 352 527
Inntekt	- 9 083 754	- 992 000	- 115 604	- 1 107 604	- 992 000	- 992 000	- 992 000	- 992 000
Utgift	25 825 964	15 051 254	- 449 616	14 656 298	13 741 187	13 741 187	13 741 187	13 741 187
Personal	16 742 210	14 059 254	- 565 220	13 548 694	12 749 187	12 749 187	12 749 187	12 749 187
Inntekt	- 3 038 599	- 1 205 000	- 9 658 987	- 10 863 987	- 1 205 000	- 1 205 000	- 1 205 000	- 1 205 000
Utgift	8 296 783	6 207 338	1 096 256	3 863 271	9 291 665	15 504 328	24 368 206	19 985 516
Økonomi	5 258 184	- 7 412 338	- 8 562 731	- 7 000 716	- 10 496 665	- 16 709 328	- 25 573 206	- 21 190 516
Inntekt	- 154 505 923	- 109 298 136	- 18 481 540	- 127 779 676	- 113 746 641	- 113 746 641	- 113 746 641	- 113 746 641
Utgift	429 241 283	401 887 368	16 481 335	424 757 226	394 946 798	390 136 799	387 806 798	387 266 798
Oppvekst	274 735 360	292 589 232	- 2 000 205	296 977 550	281 200 157	276 390 158	274 060 157	273 520 157
Inntekt	- 70 059 704	- 65 702 407	6 406 862	59 295 545	- 72 525 770	- 72 655 770	- 72 765 770	- 72 765 770
Utgift	139 390 716	116 658 922	1 321 755	118 100 685	117 041 355	116 171 855	117 888 855	120 888 855
Samfunnsutvikling	69 331 012	50 956 515	7 728 617	58 805 140	44 515 585	43 516 085	45 123 085	48 123 085
Inntekt	- 80 557 141	- 70 277 906	- 18 730 237	- 82 408 143	- 70 427 186	- 70 427 186	- 70 427 186	- 70 427 186
Utgift	355 131 236	335 491 399	27 658 104	357 472 530	334 994 249	332 799 249	329 920 899	329 920 899
Helse og omsorg	274 574 095	265 213 493	8 927 867	275 064 387	264 567 063	262 372 063	259 493 713	259 493 713
Inntekt	- 82 457 197							
Utgift	111 637 510							
Fellesutgifter (fordelt på sektor frå 2020)	29 180 313	-	-	-	-	-	-	-
Netto for alle kommunalområder	699 988 175	647 096 046	12 205 549	675 860 776	629 087 854	614 570 692	601 405 463	607 048 153

§ 5-5 Bevilgningsoversikt Investering

§ 5-5. Bevilgningsoversikter – investering								
Årsbudsjett 2021/Økonomiplan 2021-2024 Volda kommune								
Tall i kroner	Rekneskap År 2019	Budsjett År 2020	Regulering År 2020	Regulert budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Investeringsutgifter								
Investeringer i varige driftsmidler	163 797 656	332 505 646	40 549 027	373 054 673	254 788 333	374 458 333	280 758 333	87 425 000
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 206 967							
Sum investeringsutgifter	166 004 623	332 505 646	40 549 027	373 054 673	254 788 333	374 458 333	280 758 333	87 425 000
Investeringsinntekter								
Kompensasjon for merverdiavgift	-24 465 858	-45 931 658	-3 892 000	-49 823 658	-38 061 667	-48 791 667	-34 991 667	-2 425 000
Tilskudd fra andre	-8 400 936	-800 000		-800 000				
Salg av varige driftsmidler							-5 000 000	-5 000 000
Salg av finansielle anleggsmidler	-3 002 678							
Bruk av lån	-125 928 512	-285 458 637	-34 957 027	-320 415 664	-226 726 667	-335 666 667	-255 766 667	-95 000 000
Sum investeringsinntekter	-161 797 984	-332 190 294	-38 849 027	-371 039 321	-264 788 333	-384 458 333	-295 758 333	-102 425 000
Videreutlån								
Videreutlån	11 985 671	10 000 000	0	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Avdrag på lån til videreutlån	3 703 038	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	-13 544 498	0	0	0	0	0	0	0
Netto utgifter videreutlån	2 144 211	10 000 000	0	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Overføring fra drift og netto avsetninger								
Overføring fra drift	-1 937		-1 700 000	-1 700 000	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond					0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-10 229 364	-10 315 352		-10 315 352	0	0	5 000 000	5 000 000
Dekning av tidligere års udekket beløp	7 530 288				0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-2 701 013	-10 315 352	-1 700 000	-12 015 352	0	0	5 000 000	5 000 000
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	3 649 837	0	0	0	0	0	0	0

§ 5-5 Bevilgningsoversikt Investering, fordelt på prosjekt

§ 5-5. Bevilgningsoversikter – investering					
Årsbudsjett 2021 / Økonomiplan 2021-2024 på prosjekt					
Tall i kroner	Budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Fra bevilgningsoversikt:					
Investeringar til fordeling (netto)	333 231 015	226 726 667	335 666 667	255 766 667	95 000 000
Nye bygg og ombygging:					
Ny ungdomsskule	10 000 000	25 266 667	75 266 667	60 266 667	
Svømmehall	5 000 000	22 300 000	101 600 000	60 000 000	
Ombygging Vikebygda skule		4 000 000			
Brannstasjon Hornindal	5 000 000	15 000 000			
Etablering av vaskeri		6 000 000			
Oppgradering kommunale bygg	958 074	3 700 000	3 700 000	3 700 000	3 700 000
Bustadfelt:					
Byggefelt Urbakkfoten		15 000 000		- 5 000 000	- 5 000 000
Byggefelt Bratteberg		12 500 000			
Infrastruktur og veg:					
Sambindingsveg Urbakkfoten		20 400 000			
Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg	4 661 819	8 600 000			
Raudemyrvegen, samleveg	1 200 000		3 500 000		
Asfaltering	3 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	3 000 000
Veglus utskifting HQL		1 500 000			
Trafikktrygging	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Sentrumsutvikling:					
Strategisk eigedomsutvikling	20 000 000				
Sentrumsprosjektet	11 545 036	5 000 000			
Maskiner, bilar og inventar					
Elbilar og kommunal infrastruktur	500 000	5 000 000	6 000 000		
Skifte av brannbil(er) depot		1 100 000		1 100 000	
Skifte av lastebil park		800 000			
Ny bil feiing		700 000			
Energireducerande tiltak Prestegata 33 - Varmepump		300 000			
Plentraktor parkavdeling		250 000			
Robotklippar		180 000			
Snøfresar		150 000			
IKT og digitalisering					
Utskifting pc'ar, skjermar m.m	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Infrastruktur nettverk IKT	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Helseplattform				10 400 000	
Vatn og Avløp (Sjølvkost)					
Avløp samleinvestering	18 282 540	27 100 000	51 500 000	68 300 000	32 300 000
Vatn samleinvestering	11 005 089	37 380 000	79 000 000	37 500 000	43 000 000
Nye Startlån	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Sum investeringer 2021 - 2024	104 152 558	226 726 667	335 066 667	250 766 667	90 000 000

Investeringsprosjekt år 2020, overført til år 2021

Tabellen under viser investeringsprosjekt frå år 2020. Restmidlar på løyvd ramme på dei prosjekt som er i arbeid og ikkje avslutta vert overført til år 2021.

Netto rammer og tall i kroner	Budsjett År 2020
Investeringar frå år 2020 utan nye rammer i 2021-2024	
Infrastruktur Volda Campus Arena	50 756 454
Barnehage i sentrum	38 100 000
Flaumtilpasningstiltak Volda sentrum, Melshornsida	27 637 892
Opparbeiding Løvland bustadfelt	8 647 400
4. etg omsorgsenteret	8 253 549
EPC gjennomføringstiltak	7 900 000
Næringsområde Øvre Rotset	7 630 276
Infrastruktur Grodås aust	6 876 480
Grensejustering Bjørke - Avtale Ørsta	6 549 027
EKOM Volda-Grodås	5 493 995
Søre Bjørkedal avløpsreinsing	5 183 676
Utbetring Botnavegen	3 280 000
Digitalisering skulen, visningsflater	3 222 500
Strandfeltet utbygging	3 000 000
Legesenteret	2 529 428
Ombygging Vikeneset RA	2 470 786
Kino, oppgradering amfi	2 000 000
Opparbeiding Raudemel aust	1 818 300
Omsorgsenter-sentralkjøkken	1 646 512
Forbygging Vikaelva	1 575 845
Overvassleidning Vevendelvegen og E39	1 500 000
Reduksjonskum og spylekum ved Mork senter	1 500 000
Nytt vassverk HB2	1 500 000
Leddig prosjektnummer	1 428 321
Mellombels brakker Myrtun	1 400 000
Velferdsteknologi Helse og omsorg	1 219 784
Myrtun, nytt tak og oppgradering verksted/lager	1 200 000
Kommunale bygg lønn	1 200 000
Vatn Raudemel	1 000 000
Rehabilitering av Berkneset Vassverk	1 000 000
Nytt reduksjonshus på Hoggen	1 000 000
Oppgradering Hornindal omsorgsenter	1 000 000
Venterom Morizmarka og Kjøs bru	1 000 000

Netto rammer og tall i kroner	Budsjett År 2020
Oppgradering Monsvegen 7A og 7B	960 000
Samleveg Urbakkfoten	945 491
Kommunesamanslåinga, IKT	912 000
Bygging av breiband Halkjelsvik - Folkestad	834 945
Nye varebilar til Vatn og Avløp	800 000
Digital kartlegging	770 000
ROP, bustadar rus og psykisk helse	746 950
Oppgradering Sevrinhaugen 5	720 000
Inspeksjonskamera til Vatn og Avløp	700 000
Leikeplassar, skular og barnehagar	640 000
Aggregat til beredskap	623 426
Etablering felles legevakt med Ørsta	600 000
Offentleg toalett sentrum nord	560 725
Øyra skule (garantiansvar)	500 000
Brannvernustyr	500 000
Utbygging bustadfelt K10, Klepp	500 000
Doktorhaugen omsorgsbustadar	500 000
Reduksjonsventilar og brannventilar	500 000
Tiltak i friluftslivsområde/eigendel tilskotsprosjekt	416 157
Samankopling Holebakkane og Harevadet	400 000
E39 krakkelert avløpsleidning	400 000
Oppgradering helsestasjon	400 000
Vaktbil i Hornindal	400 000
Kleppevegen, samleveg	400 000
Nytt journalsystem Infodoc Plenario	370 393
Opprusting veg Lida	369 575
KomTek og GisLine	368 264
Robotreinhold	315 245
Oppgradering av Lauvstad Vassverk	300 000
Oppgradering Solida 2B	270 000
Nytt borehol Holebakkane vassverk	250 000
Frionråde - Andaneset	200 321
Folkestadtun	200 000
Ferdigstilling brannstasjon - krav frå Arbeidstilsynet	200 000
Reinhaldsutstyr	200 000
Oppgradering av Dravlaus Vassverk	200 000
Inspeksjon av bruer	180 000
Etablering av nytt fellesareal legeloftet	160 000
Ny veg Ytrehorn- skulen	128 000
UBW Volda2020	64 993
Bustadadresser	51 748

§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art – Drift

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift Årsbudsjett 2021 / Økonomiplan 2021-2024

Tall i kroner	Regnskap År 2019	Budsjett År 2020	Regulering År 2020	Regulert budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
Driftsinntekter								
Rammetilskudd	-359 141 744	-369 244 000	-14 517 019	-383 761 019	-375 467 633	-379 997 633	-380 180 633	-379 656 633
Inntekts- og formuesskatt	-255 415 335	-263 725 000	8 225 000	-255 500 000	-272 773 000	-272 773 000	-272 773 000	-272 773 000
Eiendomsskatt	-19 575 988	-18 900 000	-1 500 000	-20 400 000	-21 400 000	-21 400 000	-21 400 000	-21 400 000
Andre skatteinntekter	-2 052 112	-1 050 000	0	-1 050 000	-1 050 000	-1 050 000	-1 050 000	-1 050 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-57 198 250	-56 445 382	8 020 374	-48 425 008	-34 576 078	-50 159 078	-42 193 078	-41 576 078
Overføringer og tilskudd fra andre	-234 853 055	-143 620 281	-43 327 303	-186 947 584	-146 558 443	-146 558 443	-146 558 443	-146 558 443
Brukerbetaling	-33 101 419	-35 124 946	2 415 356	-32 709 590	-35 124 946	-35 124 946	-35 124 946	-35 124 946
Salgs- og leieinntekter	-66 244 253	-72 572 222	-149 280	-72 721 502	-79 304 865	-79 434 865	-79 544 865	-79 544 865
Sum driftsinntekter	-1 027 582 156	-960 681 831	-40 832 872	-1 001 514 703	-966 254 965	-986 497 965	-978 824 965	-977 683 965
Driftsutgifter								
Lønnsutgifter	566 275 027	526 455 001	26 108 282	552 563 283	528 465 946	525 611 422	520 504 848	518 764 848
Sosiale utgifter	142 136 105	134 604 560	23 534	134 628 094	127 884 120	121 355 172	112 461 367	116 844 057
Kjøp av varer og tjenester	236 151 514	215 559 564	13 885 133	229 444 697	213 717 815	209 014 125	210 259 275	213 259 275
Overføringer og tilskudd til andre	110 940 718	27 516 369	13 249 826	40 766 196	28 380 569	28 080 569	27 780 569	27 780 569
Avskrivninger	59 436 978	52 879 138	0	52 879 138	53 850 548	53 850 548	53 850 548	53 850 548
Sum driftsutgifter	1 114 940 342	957 014 632	53 266 775	1 010 281 408	952 298 998	937 911 836	924 856 607	930 499 297
Brutto driftsresultat	87 358 186	-3 667 198	12 433 903	8 766 705	-13 955 967	-48 586 129	-53 968 358	-47 184 668
Finansinntekter/Finansutgifter								
Renteinntekter	-7 456 696	-2 430 209	-3 746 000	-6 176 209	-5 703 533	-6 670 733	-8 628 233	-10 215 233
Utbytter	-6 312 273	-7 000 000	300 000	-6 700 000	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000	-3 750 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-3 863 165	-3 300 000	-500 000	-3 800 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000
Renteutgifter	27 365 242	37 210 613	-7 000 000	30 210 613	32 434 645	35 070 212	39 226 516	41 941 487
Avdrag på lån	38 114 090	46 247 693	79 879	46 327 572	51 022 176	58 579 732	69 768 621	78 127 510
Netto finansutgifter	47 847 198	70 728 097	-10 866 121	59 861 976	70 703 288	79 929 211	93 316 904	102 803 764
Motpost avskrivninger	-59 436 978	-50 515 078	-2 364 060	-52 879 138	-53 850 548	-53 850 548	-53 850 548	-53 850 548
Netto driftsresultat	75 768 406	16 545 821	-796 278	15 749 543	2 896 773	-22 507 466	-14 502 002	1 768 548
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:								
Overføring til investering	1 937	0	1 700 000	1 700 000				
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-12 977 591	-8 924 363	4 780 207	-4 144 156	4 600 551	4 600 551	4 600 551	4 600 551
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-67 285 314	-7 621 458	-5 683 930	-13 305 388	-7 497 329	17 906 911	9 901 445	-6 369 104
Dekning av tidligere års merforbruk								
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-80 260 968	-16 545 821	796 277	-15 749 544	-2 896 778	22 507 462	14 501 996	-1 768 553
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-4 492 562	0	-1	0	0	0	0	0

Rapportering budsjettåret 2021

Første rapportering skjer på februar måned i mars. Nytt frå og med år 2021 er at tentestevtvala skal handsame tertialrapporten. Arbeidet med tett oppfølging frå økonomi og personal inn mot leiarane held fram.

Rapport for måned	Arbeids-dagar	Frist leiarar	Teneste-utval	Formann-skap	Kommune-styre
Februar	15.-19. mars	19. mars	12.-14. april	6. april	
Mars	12.-16. april	16. april	3.-6. mai	4. mai	
April	18.-25. mai	26. mai	2.- 3. juni	8. juni	17. juni
Mai*	14.-18. juni	18. juni			
August	17.-22. sept	23. sept	18.-21. okt	19. okt	28. okt
September	18. -22. okt	22. okt		9. nov	
Oktober	15. -19. nov	19. nov		7. des	Ev. 16. des
November*	13. -17. des	17. des			

* Rapportane vert ikkje lagt fram politisk.